STORD KOMMUNE

kristtornbyen

Konsekvensar av smitteverntiltak i Stord kommune, kartlegging og forslag til tiltak

STORD KOMMUNE

Bakgrunn og mandat for kartlegginga

Utval for oppvekst og kultur godkjende 9.3.21 mandat og kostnadsramme for prosjektet *«Konsekvensar av smitteverntiltak i Stord kommune, kartlegging og forslag til tiltak».*

Bakgrunn:

Våren 2020 utløyste eit globalt utbrot av koronaviruset ei rekke strenge tiltak for å redusera faren for smittespreiing. Frå 13. mars til 11. mai 2020 var barnehagar og skular i Noreg heilt eller delvis stengt, og sidan då har kommunen sett inn ulike smitteverntiltak. Folkehelserådet drøfta i møte 27.11.20 kommunen sin beredskap knytt til negative verknader av smitteverntiltak og skriv fylgjande i referat frå møte:
«Det har frå ulike hald, både nasjonalt og lokalt kome fram uro for dei konsekvensane smitteverntiltaka har for den einskilde og for folkehelsa. Mellom anna gjeld dette psykisk helse, sosiale helseskilnader og inaktivitet. Erfaring kan tyde på at sårbare grupper blir hardare ramma, og at tiltaka såleis bidrar til å auke dei sosiale skilnadane i helse. Vidare kan tiltaka medføre at fleire får langvarige helseutfordringar. Gjeldande overordna ROS-analyse for Stord kommune er, når det gjeld tema pandemi, retta mot risiko for smittsam sjukdom, og tar ikkje opp i seg helserisiko knytt til smitteverntiltak. Folkehelserådet erfarer at omsyn til sårbare grupper har merksemd innanfor fleire av tenestene, men at det ikkje alltid finns klare retningsliner for korleis ein skal gå fram. På bakgrunn av dette foreslår folkehelserådet at det blir gjort ei vurdering av om rutinane og tiltaka kommunen har for å møte helseutfordringar knytt til smitteverntiltak er tilstrekkelege, eller om det er trong for tydelegare føringar og/eller supplerande tiltak.»
Kriseleiinga drøfta spørsmålet i møte fredag 26.2.21 og kom til at det bør gjennomførast ei lokal kartlegging av konsekvensane av smitteverntiltak i Stord kommune. Rådmannen følgde opp initiativa ved å etablere ei prosjektgruppe. Utval for oppvekst og kultur godkjente mandat og kostnadsramme for prosjektet i utvalsmøte 09.03.21.

Prosjektet har vore organiserte slik:

Prosjektansvarleg
Kommunalsjef Mariann J. Hilt

Prosjektleiar
SLT-koordinator Bjarte Epland

Prosjektgruppe:

Kommunalsjef
Mariann J. Hilt (leiar)

SLT-koordinator
Bjarte Epland

Einingsleiar NAV
Rune K. Pedersen

Einingsleiar for psykisk helse og rus
Diana Bergeland

Einingsleiar førebyggjande tenester
Birthe Blokhus

Einingsleiar SIB
Jørund Tvedt

Hovudtillitsvalt fagforbundet
Øyvind Spissøy

Hovudtillitsvalt utdanningsforbundet
Jonatan Gniste

Overordna samandrag

Denne rapporten har fokus på målgruppene barn og unge, sårbare grupper, tilsette og eldre, og kva konsekvensar koronatiltaka har hatt for dei. Kvar målgruppe vert presentert i eit eige kapittel, som er innleia med eit samandrag av funna som er gjort i den respektive målgrupa.

I arbeidet med kartlegginga, ser ein òg fleire fellestrekk mellom målgruppene sine opplevingar av situasjonen og følgjene pandemien har gitt for dei.

Eitt fellestrekk, er at det er variabelt korleis koronatiltaka har påverka den enkelte i dei ulike målgruppene. Mens somme har hatt det heilt fint, og kanskje til og med blomstra opp, har andre hatt det vanskelegare enn dei hadde det før pandemien.

Det er også eit tydeleg fellestrekk at pandemitiltaka har sett grenser for livsutfaldinga til den enkelte. Både i form av grensene styresmaktene og kriseleiinga i kommunen har sett, men òg dei grensene som kvar einskild har sett for seg sjølv og sin familie ut frå gjeldande tilrådingar. Kartlegginga viser at grensesettingar har ført til auka einsemd eller sakn av fellesskap i alle målgruppene. Ei oppleving av at det har vore krevjande å avgrensa kontakten med familie og vener går også igjen. Samtidig vert det uttrykt ei viss uro for at det kan ha blitt for behageleg å vera heime – med dei konsekvensar det eventuelt kan få for sosialt liv og organiserte fritidsaktivitetar når samfunnet skal attende til normalen igjen.

Stadige endringar i smitteverntiltaka, med påfølgande endringar og kanselleringar i tenestetilbod og organiserte aktivitetar, har vore utfordrande for mange i målgruppene. Særleg gjeld dette dei som har eit ekstra behov for føreseielege rutinar i kvardagen. For dei kommunale tenestene, har endringane og medført ein god del ekstraarbeid. Dei mange endringane har også resultert i ulik kvalitet på dei kommunale tenestene gjennom pandemien, der alle tenester har måtta endra måten dei har jobba på, og der dei i ulike periodar av krisa har hatt eit redusert tilbod i høve det optimale. Alle målgrupper framhevar mest mogleg opne tenester som eit viktig tiltak for gjera kvardagen til brukarane betre under denne og eventuelle komande pandemiar.

Informasjon har vore eit krevjande del av tilværet i alle målgrupper det siste året. Mykje av informasjonen har vore god, men det er òg forbetringspotensiale. For mange har det både vore krevjande å forstå informasjonen ein får, og å sortera ut kva som gjeld spesifikt for Stord og den einskilde i mengda som har blitt publisert frå offentleg hald og media. For dei kommunale tenestene har det vore utfordrande å sørga for tydeleg og god informasjon ut til rett tid – anten det er til eldre, sårbare grupper, elevar og føresette, eller tilsette.

På den positive sida, har koronatiltaka ført til eit auka fokus på hygiene i heile samfunnet. I tillegg til å avgrensa utbreiinga av koronaviruset, har betre hygiene også gjort at folk i målgruppene generelt har vore mindre sjuke det siste året. Dette ser ein til dømes att i sjukefråværet i kommunen, der Stord kommune i 2020 hadde det lågaste registrerte fråværet sidan 2015. Auka digital kompetanse vert også trekt fram som ein positiv koronaeffekt i alle målgrupper.

Målgruppene er alt i alt fornøgde med korleis kriseleiinga på Stord har handtert pandemien, og særleg kommunelegen får skryt frå fleire tenester for å vera lett tilgjengeleg med god rettleiing gjennom krisa.

Kommunelegen:

«Det er ikkje lauslivnad som har vore vår største utfordring»

Som ein del av kriseleiinga i Stord kommune har kommunelege Lars Helge Sørheim vore heilt sentral i smittvernarbeidet under koronapandemien. Vedtaka han og kriseleiinga har gjort, har hatt stor påverknad på alle målgruppene i denne undersøkinga – på godt og vondt. Arbeidsgruppa meiner derfor hans refleksjonar kan vera eit nyttig bakteppe for undersøkinga.

I arbeidet med koronarapporten har representantar for fleire tenester og målgrupper rosa kommunelegen for god dialog, oppfølging og rådgjeving gjennom krisa. I intervju med Sørheim, er han sjølv mest oppteken av å sjå framover. Han ser fram til å få konsekvensane av smitteverntiltaka opp i dagen, slik at kommunen kan førebu seg endå betre på liknande kriser i framtida gjennom konkrete forbetringstiltak einingane kan ta tak i.

Kommunen var i gang med eit informasjonsarbeid ut i einingane om korona då Stord som resten av landet stengte ned i løpet av eit døgn. Det gjekk knappe åtte veker før samfunnet hadde rista den verste frykta av seg. Som kommunelege har Sørheim og kriseleiinga agert i takt med styresmaktene sine føringar. Han opplever det som eit krevjande arbeid å balansera effektive smitteverntiltak på den eine sida, og i størst mogeleg grad å oppretthalde den sosiale kontakten på den andre sida. Særleg var det krevjande i starten, då mange var urolege for at me som samfunn ikkje ville klara å ivareta smitteverntiltaka.

Kommunelegen undrar seg om grensene har vore for strenge, og at problemet kanskje heller har vore at ein har hatt for stort fokus på smitteverntiltaka. Tiltaka har heilt klart avgrensa smitte, men har reaksjonsmønsteret vore rasjonelt? Konsekvensane av tiltaka har ikkje alltid vore like godt vurderte før ein har sett i verk nye. Det primære har vore å avgrensa smitte, og det har i ulik grad påverka liva til målgruppene. Både ved at innbyggjarane har gjort som dei har blitt oppmoda om, men òg ved at mange har sett eigne forsterka grenser for aktivitet. Det har kome tydeleg fram i arbeidet med rapporten at påverknaden og makta kriseleiinga har og har hatt under pandemien har vore stor, der avgjerslene i kriseleiinga har forgreina seg ut i tenestene og vidare ut til tenestemottakarane.

Slik kommunelegen ser det har koronapandemien auka fokuset på innbyggjarane, og innbyggjarane si betyding som berarar av eige samfunn. Me heng saman og er avhengige av kvarandre i eit fellesskap. Vidare trekkjer han fram at han opplever at kommunen som organisasjon har vorten tettare, og at store delar av samfunnet har auka sin digitale kompetanse.

På den andre sida meiner kommunelegen at det ikkje er lauslivnaden som har vore vår største utfordring. Slik han ser det, har hovudutfordringa heller vore dei ulike konsekvensane av korleis me har avgrensa kontakten med andre. Det at einskilde ikkje fekk ha kontakt med sine næraste i første fase av pandemien er dramatisk i Stord kommune. Kommunelegen tenkjer då særskild på eldre og sårbare grupper som innbyggjarane med nedsett funksjonsevne. Smitteverntiltaka og informasjonen og kommunikasjonen ut til einingane har gitt ulike konsekvensar for einingane. Einingane vart i starten i stor grad sett til å tolke retningslinene sjølve, som igjen førte til ulik tolking og eigne reglar. Kommunelegen ser i ettertid at det vart for mykje nedstenging i tenestene som kriseleiinga tok for lett på. Einingane regulerte seg sjølve i for stor grad og dette gjekk ut over tenestemottakarane. Men det er ikkje berre i einingane at informasjonen frå kriseleiinga har blitt tolka ulikt. Dette gjeld også i høgste grad for frivillige lag og organisasjonar. Ulik forståing av informasjonen frå kriseleiinga, har igjen ført til ulik grad av stengte fritidstilbod.

Kommunelegen meiner at tiltaka framover i stor grad må vere samfunnsorienterte. Det er samfunnsinnsatsen som er det sentrale, og ikkje helsefag. Kommunen har her ei sentral rolle med å laga og leggja til rette for strukturar som kan reisa individa igjen. Dette som eit alternativ til at løysinga er å leggja opp til å gå til eit legekontor for å få tablettar.

Sørheim ser frivillige lag og organisasjonar som ein viktig nøkkel i gjenopningsarbeidet etter pandemien. Å stimulere til auka interesse for fritidsaktivitetar vert sentralt framover. Kommunelegen meiner det er viktig at kommunen set seg i høgsetet og saman med frivillige lag og organisasjonar lagar strategiar og gode arenaer for å få tilbake engasjementet. Frivillige treng ryggstøtte og skryt som igjen kan stimulere til mest mogeleg aktivitet igjen.

Kommunelegen er vidare klar på at me må ha fokus på barn og unge. Kommunen må få fram informasjon om konsekvensane av pandemien og bruka dei etablerte systema til å identifisera og hjelpa dei som treng det.

Kommunelegen meiner at ei styrking av kommunikasjons- og informasjonsarbeidet i kommunen vil gjera organisasjonen betre rusta til å møta kriser som koronapandemien. Det siste året har vist at det er eit enormt behov for mykje og god informasjon. God informasjon og kommunikasjon ut i tenestene og til innbyggjarane vil skape tryggleik, meiner kommunelegen.



Barn og unge

Undersøkinga viser at det er ulikt korleis målgruppa barn og unge har hatt det under pandemien. «Dei aller fleste har hatt det bra, men somme har fått det verre enn før», er eit svar som går igjen blant respondentane. Sakn av fellesskap, utfordringar knytt til venskap, einsemd og psykiske vanskar vert framheva som dei viktigaste negative konsekvensane av smitteverntiltaka i Stord det siste året. Dette samsvarar godt med kva som kjem fram i årets Ungdata-undersøking.

Mest urovekkande er nok den store auken barneverntenesta har fått i meldingar om vald og overgrep i heimen. SIB kan ikkje slå fast at auken skuldast pandemien, det kan vera at den nye kvardagen har bidrege til å få fram valden i lyset, men også at pandemitiltaka har gjort kvardagen så vanskeleg at fleire har tydd til vald i heimen. Me ser ikkje igjen valdsauken i Ungdata-resultata, der fem prosent av ungdomsskuleelvane har blitt slått med vilje av ein vaksen i heimen, og tre prosent har vore vitne til vald i heimen det siste året. Blant elevane på vidaregåande skule har tre prosent av elevane litt slått av ein vaksen i heimen det siste året, og fire prosent har sett ein annan vaksen i familien bli slått, sparka, rista hardt eller lugga av ein annan vaksen i familien.

Barn og unge er ei stor målgruppe, som femnar om alt frå barnehagebarn til studentar og unge jobbsøkande, gutar og jenter. Undersøkinga viser derfor òg skilnader internt i målgruppa, mellom anna på kjønn. Fleire respondentar meiner til dømes at gutane har hatt det litt lettare psykisk enn jentene. Dette vert forklart med at gutane ofte er meir opptekne med dataspeling, og at pandemitiltaka såleis ikkje har endra radikalt på fritida deira. Ein slik skilnad mellom kjønna vert støtta av Ungdata-undersøkinga for ungdomsskulane og vidaregåande skule, der tala for 2021 viser at det framleis er jentene som strevar mest med psykisk helse – slik dei òg gjorde før pandemien. Ungdata viser samtidig ei forverring for jentene, der 25 prosent av ungdomsskuleelevane svarar at dei har hatt mange psykiske plager den siste veka, mot 23 prosent i 2019. Det er ein auke i dei som er einsame samanlikna med 2019, og talet ligg over landssnittet. Flest jenter seier dei er einsame. Tal frå Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) viser vidare ein auke i tilvisingar for jenter som slit med spiseforstyrringar, noko BUP set i klar samanheng med pandemien og den nye kvardagen mange har fått. BUP har òg opplevd ein auke i tilvisingar for dei yngste i alderen 0-6 år det siste året, utan å sjå noko klar årsak til dette. Utekontakten melder også om ei auke i oppfølging av jenter.

Felles for barna og ungdommane har vore at dei har hatt vanskar med å vera sosiale, oppretthalda vennskap og etablera nye vennskap under pandemien. Fleire trekker fram at avgrensinga av kor mange ein kan vera saman med har gjort at fleire, bevisst og ubevisst, har blitt utestengt og ekskludert. Utsegn av typen «Du kan ikkje vere med på grunn av at me ikkje kan vera fleire» og «No er det plutseleg greitt å berre velja nokon utvalde i bursdag», har blitt nemnt i fleire intervju. Ungdata-resultata støttar opp om at mange synest det har vore ekstra krevjande med vennskap under pandemien. Om lag 20 prosent av ungdomsskule- og vidaregåandeelevane i Stord svara at dei har hatt færre vener å snakke med under pandemien. Svara viser at det er elevane på 8. trinnet og Vg1 som har opplevd dette mest. 88 prosent av elevane trur eller er sikre på at dei har ein fortruleg ven. Det er ein nedgang frå 91 prosent i 2019, noko som kan henga saman med pandemitidas reduserte tilbod på fritida, auka skjermbruk, færre møteplassar på dag- og ettermiddagstid, samt regulering av kven ein kan vera med. Alle desse avgrensinane gjer det utfordrande å etablera nye vennskap utanfor kohorten.

Fellesskapen er eit tydeleg sakn, det å vera med andre. Det er samsvar mellom ønsket skulane har hatt om å vera mest mogleg opne og det barn og unge sjølv seier om at dei lærer mest med å vera på skulen, men undersøkinga viser òg viktigheita av skulen som ein sosial arena. Mange har kjent på eit sakn når ein ikkje kan møta andre fysisk på skulen, og når ein er på skulen har det vore ulike avgrensingar for kontakt med andre.

Det har i lang tid vore kjent at overgangar er sårbare for mange barn. Det har kome endå tydelegare fram under pandemien. Skulane ser konsekvensar av at dei ikkje har fått jobba med klasse- og skulemiljøet som normalt. Skulane er også usikre på kva bagasje elevane har med seg når dei kjem til skulen og når dei skal vidare til ny skule eller jobb. Særleg er vidaregåande skule uroleg for elevane som skal i lære hausten 2021. Barnehagen er derimot ikkje uroleg for overgangen barnehage og skule, då dei opplever at dei i stor grad har fått jobba med dei same tinga i forkant av overgangen, men på ein annan måte.

Alle intervjuobjekta for målgruppa viser til stor auke i kunnskapen om digitale verktøy. Skulane trekkjer fram fordelar og ulemper med digital undervisning. Fleire lærarar har fått meir kunnskap om, og meistrar fleire digitale verktøy enn før korona-pandemien. Einskilde elevar har opplevd å meistra skuleoppgåvene betre ved å i større grad ta del i undervisninga når den har vore digital. Ei anna side er innføringa av Teams til dei yngste barna. For fleire av dei yngste skulebarna introduserte kommunen ein ekstra skjerm og sosiale medium i form av chat til barna. Fleire av intervjuobjekta undrar seg om dette var naudsynt. Det blir vist til at føresette har reagert på at chatten blir brukt på kryss av klassar, trinn og skular, og at det er mykje stygg språkbruk og mobbing i chatten. Fleire meiner at elev-PC-ane har ført til meir skjermtid på fritida til barna, og meir grensesetting for skjermbruk for foreldra.

Skulane meiner at dei har klart å gje spesialundervisning til dei elevane som treng mest oppfølging og har størst vedtak om tilrettelagt hjelp. Dei med mindre behov og mindre vedtak har ikkje fått det dei har krav på når skulane har vore på raudt nivå og ved heimeskule. Det same gjeld for elevane som har rett på særskild norskopplæring. Kva blir konsekvensen av å gå eit år på skule utan spesial- eller særskild norskopplæring som ein treng?

På grunn av smitteverntiltaka har dei fleste barn og unge vore meir heime under pandemien enn normalt. For mange har det fungert bra, for andre har det ikkje vore like positivt. Det er dei som opplever at dei har fått meir tid til familiemiddagar og oppfølging av lekser, medan andre opplever at dei er like lite og kanskje mindre med familien enn før. Sjølv om dei har vore heime med familien, så har alle kanskje sete føre ein skjerm på kvar sin kant av huset. Det går fram av intervjua at det er store skilnader på dette området, og fleire trekker fram at dei som har klart seg best er barn og unge frå ressurssterke heimar der ein klarer å løyse den nye kvardagen på ein god måte. Innvandrarar og flyktningar har blitt trekt fram som ei gruppe som har hatt det særskilt krevjande med å vere meir heime. Bustadsituasjonen og redusert nettverk er viktige årsaker til det. Om lag 10 prosent av elevane på ungdomsskulane og i vidaregåande opplæring svara i Ungdata-undersøkinga at det har vore meir krangling heime under pandemien. Fleire av intervjuobjekta har nemnt at dei er urolege for at det kan førekoma meir vald når familiemedlemmane er meir heime alle saman.

Organiserte fritidsaktivitetar vert trekt fram som viktige, men og dei positive møteplassane desse aktivitetane gir. Det er ein skilnad i korleis barn og unge har hatt det under pandemien ut frå kor sosiale og aktive dei var i organiserte fritidsaktivitetar før smitteverntiltaka vart innførde. Dei som i utgangspunktet var aktive på denne fronten, og til dømes var med på aktivitetar fleire dagar i veka, har kjent meir på konsekvensane av pandemien enn dei som ikkje var med på så mykje – noko mellom anna ungdomsrådet i Stord påpeikar. For dei barna og ungdommane som brukte mykje tid på digitale spel før pandemien har fritida under pandemien vore mykje lik som før.

Fleire av intervjuobjekta var klare på at det er svært viktig at fritidsaktivitetane kan opnast opp att som normalt så raskt som råd. Mange var vidare uroa for fråfallet i organiserte fritidsaktivitetar. Ut frå resultat i årets Ungdata-undersøking, kan dei ha rett i denne uroa. Ungdata viser nemleg ein reduksjon på åtte prosentpoeng for elevane på ungdomsskulen samanlikna med resultata i 2019. Medan 74 prosent opplyste om deltaking i eit frivillig lagt og eller organisasjon i 2015, er tala for 2019 og 2021 høvesvis 71 prosent og 63 prosent. Størst reduksjon av medlemmar har idrettslaga og korpsa hatt. Fleire av intervjuobjekta var også klare på at dei meinte at det er viktig å ha gode, opne møteplassar.

Barnehagen

Barnehagane er i denne undersøkinga representert ved Skogatufto barnehage. Der tenker dei at ungane i det store og heile har hatt det bra under pandemitiltaka: Barna er friske, er saman i mindre og stabile grupper, og har hatt færre ulike vaksne å støtta seg til. Barnehagen opplever vidare at barna som skal starta på skulen er like godt førebudde som tidlegare år, og skildrar dialogen og samarbeidet med føresette som godt.

For dei tilsette i Skogatufto, vart 12. mars 2020 opplevd som surrealistisk. Med media i forkant av utviklinga, fekk barnehagen brått ei stor utfordring i å skulla ut og informera etter at foreldre allereie hadde vore på døra med spørsmål om vegen vidare. Men nye rutinar kom kjapt på plass, og barnehagen ser fleire positive konsekvensar av koronatiltaka det siste året.

«Plutseleg fekk me til å dele i små grupper/kohortar» Ifølgje Skogatufto har arbeidet i små grupper auka kvaliteten på barnehagetilbodet, samtidig som den nye organiseringa har gjort at personalet har kome tettare på føresette. Inndelinga av uteområdet har vore positiv i form av eit meir oversiktleg areal. Barnehagen trekkjer vidare fram redusert opningstid som ei god hjelp for å sikra nok personale til ei kvar tid, og at smitteverntiltaka har gjort at sjukefråværet i barnehagen er lågt.

Skogatufto ser òg ei rekke utfordringar skapt av pandemitiltaka. Inndelinga i kohortar og leikeområdet gjer at barna mister moglegheiter til å møte og bli kjent med andre på tvers av kohortar og avdelingar, noko som har konsekvensar for venskapa mellom barna og overgangane mellom avdelingar. Barnehagen kjenner òg på ei uro for konsekvensane av at så mange barn og vaksne har måtta vera mykje meir heime under pandemien, og spør seg om det kan føra til at ein vil avdekka fleire overgrep mot barn i tida som kjem. Restriksjonar gjer vidare at barnehagen ikkje kan arrangere sosiale samlingar der foreldre/føresette er saman med barna. Haustfest, sommarfest og lysfest før jul har gått ut, og Lucia-feiringa vart arrangert ute. Bortfallet av desse fellesaktivitetane hindrar barnehagen i å vera den samlande arenaen som legge til rette for kjennskap på tvers av familiar og bidrar til inkludering av familiar med små nettverk og manglande tilgang til ressursar.
Koronatiltaka og manglande tilgang på store nok areal har òg gjort det utfordrande å avvikla og sikra kontinuitet i foreldremøte, felles drøftingar, temakveldar og utviklingsarbeid. For Skogatufto sin del har det mellom anna gjort at barnehagen ikkje har fått driva fram utviklingsprosjektet REKOMP som planlagt. Besøkssamarbeidet Skogatufto har med Knutsaåsen omsorgssenter og Stord sjukeheim har tidvis òg blitt råka, noko som har vore eit sakn i nokre grupper. God nok tilgang på vikarar er ei generell utfordring i barnehagane, og den har blitt forsterka i pandemiåret i periodar med mange eigne tilsette i karantene.

For at barnehagebarna skal få ein betre kvardag i denne og eventuelle framtidige pandemisituasjonar, peikar Skogatufto først på behovet for større og fleksible fasilitetar som gir rom for å oppretthalda vanleg drift innanfor krava til smittevern. Dersom ein skal driva etter boka, ser dei òg eit behov for fleire tilsette som gjer det lettare å organisera kvardagen. Ein styrka vikarpool og hjelp til ekstra reinhald er eit anna ønskje. Det siste vil sikra godt smittevern og at dei pedagogiske ressursane blir brukt til å følga opp barna i staden for vasking.
I Skogatufto er også ein kommunikasjonsplattform, som lar leiing og tilsette kommunisera raskt med direktemeldingar, eit sakn i jakta på meste mogleg effektiv drift i og utanom krisetider.

Nasjonale funn
Barnehagelærerutdanningen (BLU) og By- og regionforskningsinstituttet (NIBR) ved storbyuniversitetet OsloMet har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet gjennomført ei undersøking av barnehagesektoren si handtering av koronautbrotet og konsekvensane krisa har hatt for barn og barnehagar. Rapporten har to hovuddeler. Del I viser resultat frå spørjeundersøkingar sendt til kommunale barnehagesjefar og styrarar i private

og kommunale barnehagar i alle landets kommunar. I del II er det gjennomført intervju og samtalar med barnehagelærarar, foreldre og barn i seks barnehagar.

Hovudfunna i rapporten er at kommunane er fornøgde med nasjonale styresmakter, at smittevernrettleiaren fungerer godt, og at koronasituasjonen har slite på dei barnehagetilsette. 80 prosent av kommunane svarer at dei klarte å ta seg av dei sårbare barna i barnehagane under nedstenginga i mars 2020, mens ein del barnehagestyrarar utrykker bekymring for dei sårbare barna.

I samandraget på side åtte og ni i rapporten vert barnehagelærarane sine erfaringar, foreldra sine erfaringar og barna sitt perspektiv på krisa summert opp slik:

Barnehageundersøkelsen: barnehagelæreres erfaringer fra krisen

Gjennom hele forløpet av koronakrisen har det blitt stilt nye krav og forventninger til barnehagelærerne. Våre informanter gir uttrykk for en aksept for denne situasjonen, og at de etter beste evne har prøvd å gjøre det som har vært krevet, selv om retningslinjene ikke alltid har vært klare.

I nedstengningsperioden opplevde de mye usikkerhet om hvilke regler som gjaldt, men opplevde klar informasjon fra styrerne i den grad styrerne hadde informasjonen. Samtidig var det krevende både å skulle drive beredskapsbarnehager, ha hjemme-kontor og ha egne barn hjemme. Forventningene til hva barnehagelærerne skulle gjøre i nedstengningsperioden, varierte fra barnehage til barnehage.

Den første tiden etter gjenåpningen opplevde de fleste som en god periode. Åpningstiden var kortere, og kohortene var små. Det medførte at barnehagene hadde full bemanning hele åpningstiden, og at ansatte var stabilt til stede sammen med sin gruppe.

Etter at kohortene ble på størrelse med vanlige grupper og åpningstiden for de fleste barnehagene ble tilnærmet normal, ble arbeidspresset større. Sykefraværet var høyt, og det var vanskelig å skaffe vikarer samtidig som de ansatte ikke kunne hjelpe hverandre på tvers av kohorter. I tillegg har de måttet redusere møtevirksomhet og planleggingstid, noe som ofte tas igjen i form av kveldsarbeid.

Barnehagelærernes viktigste budskap handler om fremtiden. For det første ga de utrykk for slitasje over å ha stått i en vanskelig arbeidssituasjon over tid uten tilføring av ekstra ressurser, for eksempel til vasking og kjøkkenhjelp. For det andre aktualiserte de en diskusjon om strukturelle rammer for barnehagene knyttet til gruppestørrelse, bemanningstetthet og åpningstider.

Barnehageundersøkelsen: foreldrenes erfaringer fra krisen

Foreldreintervjuene understreker barnehagens viktige funksjon som velferdsarena, møteplass og fellesskapsarena for familier og barn og mellom familier i lokalmiljøet. Barnehagen forstås som en viktig pedagogisk arena og et trygt sted hvor barna skal få muligheter til å leke og lære, få omsorg og gjøre viktige erfaringer. Ifølge foreldrene har barnehagepersonalet strukket seg langt for å opprettholde et menings-fullt og godt tilbud under vanskelige logistiske forhold og et strengt smittevern. Foreldrene viser tålmodighet, selv om de er lei av situasjonen. De ønsker mer uformell dialog med barnehagen og med andre foreldre. De lengter etter «vanlige dager», og noen ser med bekymring på vinteren fordi barnehagene er avhengige av å være ute for å ivareta smittevernet. Men likevel – barnehagen er en særdeles viktig arena for at hverdagslivet skal fungere både for foreldre og barn.

Barnehageundersøkelsen: barnas perspektiver

Inntrykket fra medforskernes samtaler med de eldre barna er at barna har forstått alvoret med koronaen, og at de viser en god kjennskap til og respekt for smittevernreglene i barnehagen. Barna synes å ha en slags forsonet forståelse for at dette er nødvendige tiltak, selv om det går ut over deres definisjons- og påvirknings-muligheter i eget hverdagsliv. Selvdisiplinering og innordning synes være en viktig side av barnas fortelling om koronasituasjonen.

Barna formidler dermed nødvendigheten av å ta ansvar for fellesskapet og andres helse, selv om det går på bekostning av deres egne muligheter for medvirkning og handlingsrom. Likevel viser materialet at barna i liten grad mistrives i barnehagen under koronatiltakene, selv om mange av barna uttrykte at de savnet venner og bevegelsesfrihet.

I medforskernes formidling av situasjonen for de minste barna, kom det frem at barna så ut til å trives godt i sine små kohorter. De fleste barna var plassert i grupper med ansatte de kjente fra før, og den ansatte hadde hovedansvaret for barna i sin gruppe, både i lek og i rutinesituasjoner. De ansatte var stort sett sammen med sine barn hele dagen. Barnas hverdager var derfor preget av høyere grad av stabilitet og forutsigbarhet sammenlignet med tidligere. Under normale forhold, før pandemien, gikk de ansatte vakter og måtte innimellom forlate barna på grunn av møter, kjøkkentjeneste, pauser eller fordi andre avdelinger trengte hjelp. Den nye stabiliteten så ut til å bidra til nære relasjoner mellom de ansatte og det enkelte barnet. Imidlertid klarte ikke alltid barnehagene å fordele barna slik at alle fikk være sammen med en ansatt som de kjente og som de var trygge på. I disse gruppene gikk det en til to uker før barna fremsto som trygge. Noen påpeker også at denne fordelingen av ansvaret for barna kan medføre at barna ikke oppsøker og blir kjent med andre ansatte på avdelingen. Dermed kan barna oppleve at det er vanskelig når deres faste voksne ikke er til stede eller når det er vikarer på avdelingen.»

Heile rapporten, med tittelen «Håndtering og konsekvenser av koronautbruddet for barn og barnehager», kan lastast ned frå:

https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/handtering-og-konsekvenser-av-koronautbruddet-for-barn-og-barnehager/

Barneskulen

I barneskulen, representert ved Sagvåg skule i denne undersøkinga, opplever dei at det er tosidig korleis barna har hatt det under koronapandemien. Nokon elevar har lidd av å ikkje ha den vanlege undervisninga, samstundes som dei fleste har klart seg godt. Skulen ser òg at mange elevar har hatt det tøft gjennom å vera for tett på familiemedlemmene over tid.

Både elevar, lærarar og foreldre får ros for ei fantastisk evne til å tilpassa den nye situasjonen, og skulen har hatt mange positive aha-opplevingar gjennom det siste året der til dømes elevar har fått vist andre ressursar enn tidlegare, og der skulen har oppdaga fordelar ved å jobba annleis enn før. Skulen starta digital undervisning frå første dag i nedstenginga, og opplever det som eit fortrinn at dei yngste elevane allereie hadde fått utdelt pc-ar i samband med eit skuleprosjekt.

Slik skulen ser det, har pandemitiltaka slått mest negativt ut for sårbare barn som har det vanskeleg heime. På Sagvåg skule trur dei at god oversikt og kunnskap om foreldre og barn har gjort at dei har klart å følga opp dei sårbare barna på ein god måte. Det er mellom anna gitt tilbod om undervisning på skulen til sårbare barn. Skulen er samtidig open for at det kan vera elevar på deira eigen eller andre barneskular i Stord som ikkje har blitt sett under pandemien, slik det har blitt rapportert om på nasjonalt nivå.

Deling av klassar og vennskap vert framheva som ein negativ konsekvens av inndelingane i kohortar. Sameleis at rettane til elevane ikkje blir like godt ivaretekne med heimeskule eller kohortinndelinga på raudt nivå over lang tid. Dette har råka den styrka undervisninga på første til fjerde trinn og spesialundervisninga (norskopplæringa). Samstundes har inndelinga i mindre grupper på 12 elevar gjort det lettare for lærarane å følga opp kvar enkelt elev, noko som dels kan ha kompensert for den tapte spesialundervisninga. Skulen peikar vidare på at dei mange endringane mellom heimeskule og raudt og gult nivå, har skapt utryggleik for mange elevar.

Koronatiltaka har òg gitt ei rekke positive konsekvensar for elevane og skulearbeidet. Barneskulen har mellom anna gjort eit kvantesprang i den digitale undervisninga. Det har gitt lærarane betre moglegheit til å følgja arbeidet til elevane, til dømes ved at dei kan følgja skriveprosessar digitalt, og lærarane opplever at dei fangar opp elevane betre fagleg med dei digitale løysingane.

Oppdelinga av skuleområdet i ulike sonar har vidare vore positivt for mange elevar. Det kjennest trygt og godt å vita kva område dei skal vera på, og gir nærheit til uteområdet. Sameleis vert styrka vaksentettleik framheva som eit pluss, då dette har vore trygt for dei elevane som treng ekstra støtte og oppfølging.

Digital undervisning og organiseringa av uteområda vert nemnt som to kompenserande tiltak som er gjort for målgruppa det siste året. Organiseringa av areala innandørs er eit tredje, og her framhevar barneskulen gevinsten dei har hatt med eit moderne skulebygg. Gjennom kreativitet og eit bygg som er meir fleksibelt enn eldre skulebygg med tradisjonell klasseromstruktur, har skulen fått teke i bruk alle areala innandørs til undervisning. Denne fleksibiliteten har gitt betre kår for variasjon i undervisninga, noko som har vore positivt for elevane.

I avrundinga av denne pandemien, og ved eventuelle liknande kriser i framtida, meiner barneskulen det er viktig at kommunen lar dei ulike tiltaka få verka over litt tid. Det er krevjande for barna med hyppige endringar fram og tilbake, og det bidrar ikkje til å skapa trygge og føreseielege rammer for barna.

Skulen framhevar vidare at det er viktig for barna at skulen sine samarbeidspartnarar, til dømes helsesjukepleiarane og kommunelegen, er til stades og «påskrudde». Det har dei vore under denne pandemien, noko som gjer det lettare å driva skule i vanskelege og omskiftelege tider.

Skulehelsetenesta

Slik skulehelsetenesta ser det, har det vore store forskjellar i korleis barneskuleelevane har hatt det gjennom pandemien. Mange har hatt det bra, medan somme av dei som ikkje har det så bra heime har hatt det verre enn før. Somme har kjent på saknet etter dei andre, trygge og gode vaksne, mens andre har vore glade for meir tid med foreldra og mindre jag med aktivitetar. Somme har kjent på einsemd og motløyse fordi dei ikkje får vera med sine faste vener.

Skulehelsetenesta påpeikar at overgangane er spesielt sårbare, og då særleg for første trinn der elevane får sitt første møte med skulen utan kanskje å kjenna så mange – og der foreldra kanskje ikkje heller kjenner kvarandre frå før.

Med heimeskule og meir digital læring, fekk mange elevar langt større tilgang til skjermbruk enn dei hadde før. Somme hadde meir digital undervisning enn andre, og skulehelsetenesta meiner dette var vanskeleg for dei yngste barna – då mange forstyrringsmoment og mangel på sjølvdisiplin påverka skulearbeidet. Den skjermbaserte læringa var også eit stressmoment som kravde mykje av foreldra.

Gjennom datamaskinen fekk mange elevar også tilgang til chattefunksjonen i Teams. Dei blei dermed introdusert for sosiale medium av skulen, utan at foreldra fekk noko rettleiing eller råd/krav til avgrensing av bruken. Ifølgje skulehelsetenesta har det i pandemiperioden oppstått mange konfliktar i Teams-chatten, og elevar rapporterer om krangling, stygge meldingar og utestenging. Dette skjer ikkje berre internt i klassen, men òg mellom ulike klassar og på tvers av trinn og skular. Skulehelsetenesta peikar vidare på at chat-funksjonen har bidratt til endå meir skjermtid for ein del barneskuleelevar.

Helsesjukepleiarane ser fleire positive konsekvensar av pandemitiltaka i barneskulen. Mellom anna opplever ein del elevar at det er fint å vera i mindre kohortar, då færre elevar gir meir ro. For ein del er det også positivt med avgrensingar i uteområdet, då det lett å finna dei andre i kohorten

Skulehelsetenesta er uroa for mindre kvardagsaktivitet som følgje av smitteverntiltaka, der færre har gått eller sykla til skule og fritidsaktivitetar og blitt meir sløve. Det vert òg uttrykt uro for fråfall i fritidsaktivitetane.

Tenesta framhevar vidare at barneskuleåra er ei sårbar tid med tanke på å vera så mykje heime som mange har vore under pandemien. Dette er ei tid der elevane skal utvikla seg meir og meir saman med andre barn og unge. Til dømes er barnebursdagen ei viktig hending og sosial arena for mange, og tenesta er uroa for meir ekskludering som følgje av innskrenka bursdagsfeiringar under pandemien.

For å redusera verknadene av koronatiltaka, har det i barneskulane vore mogleg å ta kontakt med helsesjukepleiar under heimeundervisning dersom elevane har noko dei ønsker å snakka om. Enkelte elevar har til dømes tatt kontakt på grunn av angst for smitte.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
PPT har ikkje kunnskap om at barn med store spesialpedagogiske behov ikkje har fått tilboda dei har krav på under pandemien. Tenesta er derimot meir uroleg for om barn med milde og moderate lærevanskar, som har små vedtak, har fått den undervisninga dei skulle ha fått har fått. PPT er usikker på i kva grad skulane si plikt til intensiv opplæring i 1.-4. trinn er blitt ivareteken under pandemien, og er uroleg for at denne opplæringa har vore av varierande kvalitet og at det er jobba mindre systematisk. Tenesta etterlyser informasjon om kor mykje koronamidlar som er sett av til tilrettelagd undervisning for sårbare elevar, i kva grad midlane er blitt brukte, og kva plan det er for bruken.

Dersom plikta for intensiv opplæring har vore skadelidande under pandemien, har sårbare barn fått mindre hjelp til lesing, skriving og rekning. Då strevar dei framleis, og vil gjere det framover om kommunen ikkje set inn tiltak.

På grunn smitteverntiltaka, har det vore mindre kapasitet i barnehagar og skular til å jobba med systemretta arbeid. Dette ser PPT som ein negativ konsekvens koronatiltaka.

På den andre sida ser PPT at organiseringa i mindre kohortar i barnehage og skule har gitt positive konsekvensar for barna som strevar med å regulera åtferda si. Dei har fått færre relasjonar å vera i og færre barn rundt seg, noko som er meir føreseieleg for barna. For denne gruppa er det betre å vera i mindre grupper, og barnehagane har sjølv sett at dette har vore ein god måte å organisera seg på.

Gjennom pandemiperioden har PPT vore veldig fokusert på det sakkunnige arbeidet og deltaking i BTI-møte. (Betre Tverrfagleg Innsats). Alt anna arbeid, slik som system- og nettverksarbeid, har stoppa opp som følgje av manglande kapasitet i barnehagar og skular. Resultatet er at tenesta aldri har vore så oppdatert på sakkunningarbeidet.

PPT trur det er umogleg at ein pandemi som dette ikkje set sine spor, og minner om at barn med lærevanskar strevar meir og lærer mindre ved heimeskule. For å betra kvardagen for brukarane under dagens eller framtidige pandemiar, meiner tenesta det er viktig med gode og langsiktige tiltak for lesing, skriving og rekning. Moglege hol og etterslep i desse ferdigheitene lar seg ikkje henta inn igjen i løpet av ein sommar.

PPT etterlyser vidare både ein plan A og ein plan B for kva me gjer med dei sårbare barna under ein pandemi. Dette hadde nasjonen ingen plan på for eit år sidan, og ein slik plan må ligga som ein del av beredskapsplanen til kommunen.

Ungdomsskulen

Frå ungdomsskulenivået, representert ved Nysæter ungdomsskule i denne undersøkinga, vert det meldt inn at elevane stort sett har hatt det OK det siste året, men at dei saknar fellesskapen på skulen. Smittevernrestriksjonane har gjort at elevane ikkje får vera saman slik dei ønskjer, og utan dei vanlege felles opplevingane og aktivitetane har dei mista viktige faktorar som bygger relasjonar og tilhøyrsle.

«Alle aktivitetar som gjer oss til eitt vi har det vorte mindre av.»

Denne belastninga har vore spesielt stor på åttande trinnet. Dei hadde ei dårleg avslutting på barneskulen under pandemien, og etter oppstarten i åttande har ein ikkje fått jobba med relasjonsbygginga og klassemiljøet slik ein gjer i eit «normalår». Slik skulen ser det, har det gjort at relasjonane og klassemiljøa på åttande trinn ikkje er blitt like gode som før, og at dei sårbare elevane på trinnet vert endå meir med sårbare. Desse vurderinga vert underbygde av Ungdata-undersøkinga, der åttande trinn er den elevgruppa i Stord der flest seier dei har hatt færre venner under koronapandemien enn tidlegare.

Ein annan negativ konsekvens av smittevern-restriksjonane, er at ungdommane har mista mykje fagleg sett, mellom anna grunna sju vekers heimeskule og auka digital undervisning. Slik skulen ser det, kan den digitale undervisninga ikkje erstatta fysisk frammøte. Lesinga vert trekt fram som skadelidande av den digitale undervisninga og stengt skulebibliotek, og det er uro for kva mindre lesing av bøker vil ha å seie for elevane då gode leseferdigheiter er til hjelp i alle fag. Samtidig meiner skulen at somme elevar, til dømes dei som strevar sosialt og med skulevegring, kan ha profittert på heimeskule og digital undervisning ved at dei har delteke meir i undervisninga og fått levert meir skulearbeid.

Til liks med barneskulenivået, uttrykker også ungdomsskulen uro for spesialundervisninga gjennom pandemien. Dei opplever at det går greitt når skulen er på gult nivå, men i periodar med heimeundervisning får ikkje skulen følgt opp spesialundervisninga godt nok. Det har særleg vore verre å følgja opp dei som berre har rett på litt hjelp. Skulen er usikker på kva konsekvensar dette har gitt for elevane.

Tiande trinnet har sine eigne utfordringar knytt til pandemien. Elevar her har ikkje fått hospitert på vidaregåande skule, og sit dermed med mindre kunnskap om vidaregåande utdanning. For denne gruppa kan det innebera ein fare for val av feil studium etter ungdomsskulen.

Av positive konsekvensar, framheva ungdomsskulen at smitteverntiltaka har ført til lite smitte, at dei har gitt elevane ei kjensle av å vera med på ein dugnad, og at somme elevar har delteke meir aktivt i undervisninga enn før. Skulen spør seg vidare om nokre elevar kanskje har fått betre tilpassingar med digitale hjelpemiddel, og om det er lettare å sjå fleire enkeltelevar når det er færre elevar på skulen.

For å bøta på koronatiltaka det siste året, har ungdomsskulen hatt ein tett dialog med heimane til elevar med større vedtak om spesialundervisning. I tillegg har sårbare elevar fått tilbod om å vera på skulen, men her er det fleire som har fått tilbodet enn dei som har nytta seg av det. Det er vidare sett inn ekstra lærarar for å gjennomføra valfaga, og kjøpt inn utstyr for å leggja betre til rette for gode uteaktivitetar for elevane. Skulen har funne løysingar for å få elevane i gang med praktiske fag på heimebane – der ungdommane har fått utdelt ein pose med utstyr og gjort jobben heime.

For å gi elevane ein betre kvardag under dagens eller eventuelle framtidige pandemiar, meiner ungdomsskulen det er viktig å sjå på kva skulen kan gjera for å styrka fellesskapen – både blant elevar og tilsette. Skulen har fått litt koronamidlar under denne krisa, men har ikkje oppfatta at skulen har fridom til å forvalta desse som dei vil.

Ungdomsskulen meiner vidare at det for framtida bør prioriterast å ha åttande trinn på skulen kvar dag – for å styrka klassemiljøa og relasjonsbygga etter overgangen frå barneskule. Nysæter etterlyser òg betre hygienekapasitet, då dagens fasilitetar gjer at det går så mykje tid til vasking at det går ut over undervisninga.

Skulehelsetenesta

Også i ungdomsskulen opplever skulehelsetenesta at elevane har hatt ei todelt oppleving av pandemien og koronatiltaka. Dei som har det bra heime har hatt det veldig bra heime og fått ei forsterka positiv oppleving, medan dei som har det vanskeleg har hatt det verre. Skulehelsetenesta opplever vidare at mange har kjent seg einsame og nedstemte. Bortfallet av fellesskapet, og det at ein ikkje får vera med vener som ikkje er i din klasse/kohort, vert opplevd som vanskeleg. Til dømes har fleire elevar på åttande trinn ønskt å byta klasse, då dei ikkje får møta venene sine i friminutta. Helsesjukepleiarane ser òg dei som går heilt åleine på grunn av avgrensingane i kor mange som kan vera i lag samtidig.

Slik skulehelsetenesta opplever det, er det store forskjellar i korleis kjønna opplever og taklar pandemikvardagen – der gutane på ungdomsskuletrinnet klarer seg betre enn jentene. For gutane, der mange er interessert i speling, gjev smitteverntiltaka mindre endring i kvardagen – og dei klagar mindre.

For ungdomsskuleelevane har smitteverntiltaka ført til at ein del elevar er blitt meir passive og tek mindre initiativ. Ein del opplever at den faste gjengen har blitt splitta opp, så ein ikkje får møtt gode vener på same måte som før. Tenesta er uroa for at meir ekskludering kan vera ein konsekvens av koronatiltaka, då det er lettare å gøyme seg bak eit tal på kor mange som kan vera saman til ei kvar tid. Tenesta ser også at enkelte barn/unge kan bli forhindra frå å møta andre fordi foreldra avgrensar kontakt for å skjerma familiemedlemer i risikogruppa – med den følgje at barnet/ungdomen kjenner at ansvar for helsa til nære og kjære blir velta litt over på han eller ho.

Ein positiv konsekvens av smittevernreglane, er at ein del elevar er glade for å få meir tid med foreldra, og opplever at det er godt med heimeskule og ein rolegare kvardag. Det gir mindre stress, og enklare å ha «hovudet over vatn» i høve skulearbeid og kvardagslogistikken. Helsesjukepleiarane ser også langt færre elevar med angstsymptom som følgje av avlyst eksamen.

Som ei motvekt til koronatiltaka, har ungdomsskuleelevane hatt tilbod om samtalar med helsesjukepleiar på Facetime. Ungdommane har ikkje nytta seg av tilbodet.

Foreldrekontakten

Mange barn og unge har opplevd det som urettferdig å ikkje få vera med andre på grunn av smittevernavgrensingar, framhevar foreldrekontakten som er intervjua i undersøkinga. Ho veit òg om fleire som vert utestengde frå sosiale fellesskap ved at dei ikkje blir valde. Samtidig som ho ser ønske om å vera sosiale, ser ho og barn og unge som ikkje ønskjer slik kontakt.

Mange foreldre har under pandemien måtta kombinera heimeskule og heimekontor. Foreldrekontakten omtalar denne tida som heftige dagar, der det var krevjande å balansera mellom eigen jobb og skule. Ho opplever at det var lettare å ha eldre ungar i heimeskule, men at meir avstand til skulearbeidet for dei eldre samtidig gav ho som forelder mindre innsyn. Dette gjaldt ikkje minst på digitale arenaer som Teams og It's learning, der ho var prisgitt at ungdomane i huset viste ho kva dei gjorde på. Som forelder var ho heller ikkje vand med desse systema, noko som kravde omstilling også hos den vaksne.

Alt i alt synest foreldrekontakten kommunen har handtert pandemisituasjonen godt, med gode lokale tiltak.
Ho er imponert over korleis grunnskulen etter kvart omorganiserte seg, til dømes gjennom å legga om på skuledagane og jobba med tema. Ho synest vidare at skulane har vore flinke til å informera raskt om endringar og nye planar til foreldra, og at dei har kommunisert godt via Transponder, heimesider og sosiale medium.

For å gjera kvardagen endå betre for barn og unge ved ein eventuell framtidig pandemisituasjon, peikar foreldrekontakten på at foreldreopplæring i Teams kan vera eit tiltak som kan skapa meir kunnskap og forståing om korleis elevane jobbar. Ei slik opplæring kan også bidra til avklaring av kva som vert forventa av elevane og foreldra. Foreldrekontakten meiner vidare det bør bli lettare å snakka med andre foreldre, til dømes gjennom foreldremøte på Teams. Digitale møte er betre enn ingen møte, meiner foreldrekontakten.

Vidaregåande skule

Mindre sosial kontakt, frykt for å henga etter fagleg og auka fråvær, er tre trendar Stord vidaregåande skule har merka seg blant elevane gjennom det siste året.

Med stengte fritidsaktivitetar, og meir kommunikasjon gjennom sosiale medium, har dei vidaregåande elevane hatt færre fysiske møtepunkt med vener og kjente – noko skulen meiner har ført til meir einsemd blant elevane og konsekvensar for undervisninga. Dette ser ein igjen i Ungdata-undersøkinga for 2021, der om lag 20 prosent av ungdomsskule- og vidaregåandeelevane i Stord svarar at dei har hatt færre vener å snakke med under pandemien. Det er særleg elevane på 8. trinnet og Vg1 som har kjent på dette.

Russetida, som er viktig for mange avgangselevar, har i koronaåret blitt kraftig innskrenka. Sosial distansering og avlysing av dei dei fleste faste milepålane, til dømes revyen, innsamlinga og 17. mai-feiringa, har gjort at russen i pandemiåret har fått langt færre moglegheiter til å vera i lag som gruppe. Dette har vore eit sakn for mange i russekullet.

Den vidaregåande skulen har i koronaåret òg fått fleire meldingar frå elevar som fryktar dei skal henga etter fagleg. Slik skulen opplever det, har dei sett meir av dette enn dei psykiske belastningane. Ungdata-undersøkinga stadfestar at mange ungdommar har bekymra seg meir enn før gjennom koronatida, men seier samstundes at endå fleire har vore meir ulykkelege, triste, eller deprimerte enn før pandemien. Igjen er det Vg3-elevane som har kjent mest på desse kjenslene, følgt av over ein tredel av Vg2-elevane.

For Stord vidaregåande har det vore eit mål å ha elevane mest mogleg fysisk til stades på skulen gjennom pandemien. Dette har vore viktig for elevane og undervisninga, og gagna både fagleg og sosialt. Elevane ønskjer å vera på skulen som normalt, og dei tilsette opplever at elevane lærer best saman med andre elevar på skulen.

Sjølv om elevane ønsker å vera på skulen, er auka fråvær ein konsekvens av pandemitiltaka på Stord vidaregåande. Dette kan ha fleire årsaker. Det kan skuldast jamt over lågare motivasjon og vanskar med døgnrytmen og sjølvdisiplinen, men for fleire har òg terskelen for å møta opp på skulen vore høgare på grunn av redsel for smitte. Fleire elevar enn tidlegare har det siste året bede om repetisjon på undervisning fordi dei ikkje har følgt godt nok med i timen. Skulen spør seg kva elevane sit igjen med etter eit år med større ansvar for eiga læring gjennom meir aktivitet bak skjerm.

Sommaren 2021 går eit heilt kull ut av vidaregåande med heilt andre vurderingskrav enn tidlegare, der det er mindre fokus på fråvær og oppmøte, og der yrkesfagelevane ikkje har fått vore i praksis. Det siste har vore krevjande for yrkesfagelevane, og for mange betyr mangelen på praksis at dei har mykje ekstra å læra i læretida. Samstundes spør den vidaregåande skulen seg kva dei kan forventa av dei nye elevane som kjem opp frå ungdomsskulen til hausten. Kor står dei fagleg? Gjer smitteverntiltaka, til dømes manglande hospitering, at det er større sjanse for feil studieval?

«Digital revolusjon var løysinga for å klara å driva skulen under denne pandemien. Tidlegare har fokuset vore på jodtablettar og bomberom.»

Smitteverntiltaka har òg hatt sine positive sider. Igjen blir digitaliseringa trekt fram som eit pluss ved pandemien, der skulen har teke i bruk nye undervisningsmetodar. Dette har hatt positive konsekvensar for både elevar og foreldre, og bidratt til langt større digital kompetanse blant dei tilsette. Skulen ser at somme elevar som strevar sosialt har opplevd heimeskule og undervisning over skjerm som enklare og betre, og at det har vore lettare for dei å delta.

For å kompensera for smitteverntiltaka det siste året, har den vidaregåande skulen sett ulike faglege tiltak – oftast skissert av fylkeskommunen. Dei har mellom anna fått pengar til fleire hovud og hender, men opplevd

utfordringar med å få inn nye tilsette. Vidare er det handla inn nye digitale verktøy, til dømes kamera til bruk ved tavleundervisning.

Ein periode tilbydde skulen leksehjelp etter skuletid, der elevane kunne få fagleg, sosial og psykisk støtte. Det viste seg vanskeleg å motivera elevane til å bli igjen og nytta seg av tilbodet.

For å gi elevane ein betre kvardag under denne eller eventuelle framtidige pandemiar, peikar skulen på eit behov for større lokale som gir rom for undervisning med nødvendig avstand. Stord vidaregåande framhevar vidare viktigheita av å gi ungdommane felles sosiale treffstader, der reduserte prisar på kulturtilbod, fritidsklubbane, og markering av opninga av aktivitetsparken ved kulturhuset er moglege tiltak. Slik skulen ser det, er det viktig å få samfunnet og ungdommane i gang igjen, og då er attraktive tilbod og møteplassar eitt verkemiddel.

Frå vidaregåande blir det vidare trekt fram viktigheita av å få erfaringane frå denne pandemien inn i nye beredskapsplanar, og å sikra god støtte til skuleleiingane rundt om.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta fortel om ei todelt opplevinga av pandemitiltaka blant elevane på vidaregåande: For somme har den nye kvardagen vore positiv, for andre negativ. Helsesjukepleiaren får tilbakemeldingar om at døgnrytme er vanskeleg for ein del, og at vinteren har vore unormalt tung for enkelte. Blant russen har somme uttrykt stor vonbrot over ei amputert russetid, medan andre tykkjer det går heilt greitt. Nokon elevar er glade for å sleppe eksamen, medan andre er urolege for kva det vil bety for dei.

Stor grad av heimesitting, manglande døgnrytme, mangel på rutinar og sløvheit er gjennomgåande negative konsekvensar av koronatiltaka i denne målgruppa – slik skulehelsetenesta ser det. For å bøta litt på situasjonen, har elevar i vidaregåande fått tilbod om tur i Landåsen – men tilbodet har ikkje blitt nytta.

For å gjera situasjonen lettare for barn og unge i skulealder i avrundinga av denne pandemien, eller ved ein eventuell ny pandemi, føreslår skulehelsetenesta mellom anna at kommunen burde spørja alle skuleelevar om kva dei ønskjer og treng. Det bør òg leggast til rette for undersøking av om alle elevane har nokon å vera med. Tenesta ser også for seg eit tettare samarbeid med lærarane for å få fram kunnskap om dei psykososiale vanskane blant elevane – slik at tenesta og lærarane kan samarbeida betre om oppfølging.

Skulehelsetenesta peikar vidare på at føresette bør får meir informasjon om kva som er greitt for elevane å gjera saman under gjeldande smitteverntiltak – kombinert med ei oppmoding om aktivitet. Innanfor smittevernreglementet bør kommunen vidare legga til rette for aktivitet gjennom å tilby leksehjelp og møtestader. Skulehelsetenesta framhevar til slutt viktigheita av at skulane og skuletenesta er mest mogleg opne dersom ein ny pandemi skulle ramma oss.

Sosialrådgjevaren

Sosialrådgjevaren på Stord vidaregåande skule opplever at dei fleste elevane har takla pandemisituasjonen greitt og hatt det godt. Samtidig er det mange som er leie, og uvissa knytt til avlysingar, endringar og kor lenge tiltaka vil vara har vore ei belastning.

Rådgjevaren ser at dei som tidlegare har kjent på einsemd har følt seg meir åleine i pandemiåret, slik at einsemda har blitt forsterka. Desse elevane spør gjerne ikkje om å få vera med, og får færre spørsmål om å delta i sosiale fellesskapar. Dei som har sine vener har opplevd mindre utfordringar, men har i større utstrekning måtta velja kven i venegjengen dei skal vera med.

Overgangen til ein ny skulekvardag var heftig for mange vidaregåande elevar. I starten fekk alle mange oppgåver, noko som gjorde det krevjande å fullføra arbeidet. Dette første til at lærarane justerte ned arbeidsmengda etter kvart. Sosialrådgjevaren meiner koronaåret har vore spesielt vanskeleg for yrkesfagelevane på Vg1 og Vg2. Ein god del av desse har vore skuleleie, og på toppen fekk dei teoretiske oppgåver framfor praktiske. I tillegg har skulen hatt tilgang til færre praksisplassar, då mange bedrifter ha vegra seg for å ta imot ungdommar som følgje av smitteverntiltaka.

Som ein konsekvens av situasjonen, ser sosialrådgjevaren ein ekstra stor mangel på motivasjon, både for både skule og fritidsaktivitetar. Ho kjenner til elevar som har vore heilt på vippen til å koma seg gjennom skulen. For russen har den amputerte russetida vore ei kjelde til både frustrasjon og manglande motivasjon. Rådgjevaren opplever likevel at mange elevar «skjerpar» seg litt om våren, for å koma i mål med skuleåret.

På den positive sida har kononatiltaka på vidaregåande ført til at elevar som strevar med angst og større helseutfordringar har fått betre undervisning og oppfølging heime. Dette har bidratt til å redusera forskjellar og kjensla av å vera annleis.

Av kompenserande tiltak har vidaregåande kansellert eksamen, og justert fråværsreglementet. Det siste inneber mellom anna at «ti-prosentregelen» ikkje gjeld lenger, og at elev/foreldre kan senda melding til skulen og opplysa om at ein er sjuk.



Ungdomsrådet

Ungdommar i Stord har opplevd pandemitiltaka veldig ulikt, meiner Stord ungdomsråd.

«Nokon opplever at heimeskule er himmelen, andre byrjar å grine.»

Slik rådet ser det, har koronaåret generelt vore ei vanskeleg og slitsamt tid for mange unge. Ungdommen har kjent på håp og nedturar, og ikkje fått vore like sosial som ein vil i ein viktig periode i livet. Ungdomsrådet meiner at dei som har kjent mest på og blitt hardast ramma av pandemitiltaka, er dei som er vande til å vera veldig sosiale (vener, idrett, andre fritidsaktivitetar), dei som streva psykososialt allereie før pandemien, samt dei som streva på skulen før korona og fekk færre å støtta seg i samband med heimeskulen.

Stenging og avgrensing av fritidsaktivitetane blir framheva som ein negativ konsekvens av smittverntiltaka. Desse tilboda er viktige sosiale arenaer som ikkje kan digitaliserast. Avgrensingane i det sosiale livet har også innskrenka fridomen for mange, ved at dei ikkje har kunna vera med kven og så mange dei vil – og at dei kanskje har måtta velja kven som får vera med på sosiale samankomstar. Rådet trur mange unge har kjent på utestenging og einsemd som følgje av desse avgrensingane, og at dette slit på den psykiske helsa for somme.

Rådet trur mange unge har kjent på utestenging og einsemd som følgje av desse avgrensingane, og at dette slit på den psykiske helsa for somme.

Ungdomsrådet skildrar eit år med store og hyppige endringar, noko som har skapt uvisse om kva reglar som gjeld til ei kvar tid, kven og kor mange ein kan vera med, og kva dei ulike smittevernnivåa på skulen betyr. Både i avrundinga av denne, og ved eventuelle framtidige pandemiar, ønskjer ungdommane mindre hyppige endringar.

Ungdomsrådet skildrar vidare ein skulekvardag der mange unge føler at dei ikkje strekk til fagleg, og at det er vanskeleg å sitta heime og jobba med skulearbeidet. Det er stor forskjell på kvardagane med heimeskule samanlikna med å fysisk vera på skulen – både fagleg og sosialt. Rådet meiner at yrkesfagelevane har hatt det tyngst.

Ungdomsrepresentantane opplever at informasjon om endringar i skuledagen kjem med kort varsel. Elevar har gjerne ikkje visst kva dei skulle gjera neste dag før kvelden i forvegen, og når lærarar blir sjuke eller må vera heime, må elevane brått bli heime – med ekstra digital undervisning. På dagar med få timar på skulen, er det også dei elevane som vel å bli heime – dei synest ikkje det er verdt å dra på skulen. Pandemitiltaka har altså gått litt ut over motivasjonen. Informasjonen dei unge har fått frå skulen har heller ikkje alltid vore den beste, ifølgje rådet, noko som har ført til at elevar ikkje har fått med seg alle opplysningar og fråværet har auka.

At næringslivet har hatt det tøft, har gjort at somme unge har mista eller opplevd det som vanskelegare å få jobb. Det har ikkje berre fått økonomiske konsekvensar for den einskilde, det har òg betydd at ungdomar har mista erfaring og sosialt fellesskap frå jobben, og at fleire bortebuarar har måtta reisa oftare heim fordi dei ikkje har pengar til livsopphald.

Rådet meiner heimeskule og nedkorta skuledagar har gitt elevane for mykje fridom i skulekvardagen. For ein del unge har denne fridomen gjort det vanskelegare å halda oppe sjølvdisiplin, døgnrytme, kosthald og aktivitetsnivå. Med meir tid framfor skjermen, er ungdoms-representantane vidare uroa for at pandemitiltaka har ført til meir skjult mobbing – der ulike grupper blir utestengde eller mobba på nett.

Ungdomsrådet ser òg positive effektar av smitteverntiltaka: Ungdommen har bidratt til å forhindra smitte i samfunnet, og fleire har fått auka digital kompetanse. Rådet meiner vidare at fleire ungdommar no set meir pris på vera sosiale, at fleire kanskje har engasjert og ytra seg meir, og at auka fridom har gitt seg utslag i meir kreativitet på fritida. Meir familietid har for mange dessutan resultert i fleire middagar og turar saman, og auka oppfølging av skulearbeidet.

Ungdomsrådet meiner prioritering av dei unge er viktig i avsluttinga av koronapandemien og ved framtidige pandemiar. Ungdomstida er ein viktig periode av livet der ein bygger identiteten sin, ei tid ein aldri får tilbake. Rådet meiner ungdommen bør prioriterast ved at dei får gå fysisk på skule og fritidsaktivitetar, og at det vert sett fokus på barn og unge si psykiske helse i slike krisesituasjonar. Dei meiner vidare at god informasjon og kommunikasjon er essensielt, då det bidrar til å redusera uvisse blant barn og unge.

Ungdata

Ungdata-undersøkinga svarar barn og unge på mellomtrinnet (5.-7.-trinn), ungdomstrinnet og vidaregåande skule på spørsmål om foreldre, vener, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivnad. Ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring svarar også på spørsmål om rusmiddelbruk, seksualitet, risikoåtferd og vald. Ungdata gir dermed eit godt innblikk i korleis det er å vera ung i vår kommune. Siste undersøkinga i Stord vart gjennomført i februar 2021, og elevane i ungdomsskulen og vidaregåande fekk då tilleggsspørsmål knytt til koronapandemien.

På dei neste sidene følgjer eit utval aktuelle tema frå undersøkinga. Oppdaterte nøkkeldata vil verta publisert på nettstaden ungdata.no. Her finn ein òg data frå tidlegare undersøkingar.

Alt i alt viser dataa at Stord er ein god stad å veksa opp, at barna og ungdommane på Stord følgjer dei nasjonale trendane, og at dei fleste har det bra. Likevel er det vert å nemna at elevane er mindre nøgde med lokalmiljøet, skulen, foreldra, eiga helse og utsjånad enn ved undersøkingane i 2019 og 2015. Ungdomsskuleelvane skulkar meir, og er meir stressa av skulearbeidet samanlikna med dei førre undersøkingane. Særleg er det stort negativt avvik mellom ungdomsskuleelevane på Stord og dei nasjonale resultata blant dei som svara at dei er svært ofte stressa av skulearbeidet. Dessverre viser årets undersøking at Stord framleis har alt for høge mobbetal på ungdomsskulane. Heile 10 prosent av elevane i ungdomsskulen svarar at dei opplever å bli mobba kvar 14 dag. Dette er same tal som i 2019, og over landssnittet.

Eit anna resultat i årets undersøking er den store auken i skjermtid. Ungdata viser ein stor auke i ungdomsskuleelevar som utover skuledagen brukar tre eller fleire timar føre ein skjerm kvar dag. Medan 41 prosent hadde ei slik skjermtid i 2015, er tilsvarande tal for 2019 og 2021 på høvesvis 60 prosent og 76 prosent i 2021. Det er ein auke på 19 prosentpoeng frå 2015 til 2019, og ein auke på 16 prosentpoeng frå 2019 til 2021.

88 prosent av elevane trur eller er sikre på at dei har ein fortruleg ven. Det er ein nedgang frå 91 prosent i 2019, noko som kan henga saman med pandemitidas reduserte tilbod på fritida, auka skjermbruk, færre møteplassar på dag- og ettermiddagstid, samt regulering av kven ein kan vera med. Alle desse faktorane gjer det utfordrande å etablera nye vennskap utanfor kohorten.

Ungdata, mobbing

Svara ungdomsskule- og vidaregåandeelevane gir om vennskap, viser vidare at dei er med vener både i og utanfor heimen, og at jentene er klart mest fysisk saman med venene sine. Det er ein auke i dei som er einsame samanlikna med 2019, og talet ligg over landssnittet. Flest jenter seier dei er einsame.

Talet på ungdomsskuleelevar i Stord som er nøgde med helsa si ligg under landssnittet. Medan 75 prosent sa seg nøgde med helsa i 2015, er tilsvarande tal på høvesvis 68 prosent i 2019 og 64 prosent i 2021. 18 prosent av ungdomsskuleelevane har sjølvrapporterte psykiske plagar. Det er ein auke på to prosentpoeng frå 2019 og ei dobling sidan 2015. Fleire ungdomsskuleelevar enn tidlegare år har rapporterer at dei har brukt helsetenester som skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og psykolog dei siste 12 månadane.

Ungdata 2021 viser ein tydeleg trend i retning av mindre framtidsoptimisme blant ungdomsskuleelevane. Prosentdelen som trur at dei aldri kjem til å bli arbeidsledige har gått markant ned, og færre enn før trur at dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv. Mens 71 prosent hadde trua på dette i 2019, er det berre 64 prosent som svarar det same i 2021.

Tabell 1 - framtidstru i ungdomsskulen



Livet med korona-pandemien

Tabell 2 - Har korona-pandemien påverka livet ditt i negativ retning?



Avgangselevane på Vg3 skil seg ut i tabellen over, med heile 57 prosent som svarar at koronapandemien har hatt stor negativ påverknad på livet deira. Dette kan samsvara med det skulane seier om overgangar, der skulane er usikre på kva elevane har fått med seg når dei er ferdige. Kanskje kjenner Vg3-elevane på den same uvissa? Kanskje uroar dei seg for eksamen, vegval, studietida? Ungdata gir ikkje svar på korleis pandemien har påverka Vg3-elevane negativt, men på eit anna spørsmål i undersøkinga kjem det fram at elevane på dette trinnet også er dei som er klart mest bekymra samanlikna med tida før pandemien (sjå tabell 8).

Ungdata 2021 tyder vidare på at fleire jenter enn gutar har hatt det vanskeleg under koronapandemien. Det er til dømes fleire jenter enn gutar som rapporterer at pandemien har påverka dei mykje i negativ retning (sjå tabell 3 og 4). Dette samsvarar med inntrykka som skulehelsetenesta, Utekontakten, BUP og ungdomsrådet formidlar.

Tabell 3 - ungdomsskulane



Tabell 4 - vidaregåande skule



Tabell 5 - Har korona-pandemien påverka livet ditt i positiv retning?



Tabell 6 - ungdomsskulane



Tabell 7 - vidaregåande skule



Tabell 5, 6 og 7 frå Ungdata stadfestar det mange av våre intervjuobjekt fortel om at det har gått bra med mange barn og ungdommar under pandemien. Mange har opplevd at pandemien har hatt positive konsekvensar, og tabellane viser at det er relativ lik fordeling mellom kjønna på dette punktet.

Mange av intervjuobjekta våre har trekt fram at dei trur at det har vore mindre stress i kvardagen under pandemien enn det var før. Ungdata-undersøkinga stadfestar dette, og tabell 8 syner at om lag éin av fire av elevane på ungdomsskulane og vidaregåande skulen svara at det stemmer godt eller svært godt at det har vore mindre stress i kvardagen enn før koronatida.

Tabellen syner vidare at mange ungdommar har bekymra seg meir enn før koronatida, og endå fleire har kjent seg meir ulykkelege, triste, eller deprimerte enn før pandemien. Igjen er det Vg3-elevane som har kjent mest på desse kjenslene, følgt av over ein tredel av Vg2-elevane. Tabell 9 og 10 viser at om lag dobbelt så mange jenter som gutar svarar at dei har kjent på både uro og det å vere meir ulykkeleg, trist, eller deprimert. Dette underbygger refleksjonen om at fleire jenter enn gutar har hatt det vanskeleg under pandemien.

Tabell 8 - Samanlikna med tida før korona, korleis har året under korona-pandemien vore for deg? (prosentdelen som har svart stemmer godt eller stemmer svært godt)



STORD KOMMUNE

Tabell 9 - ungdomsskulane



Tabell 10 - vidaregåande skule



Éin av tre av ungdommar på ungdomsskulane og vidaregåande skule på Stord svarar at dei har gjort fleire hyggelege ting saman med familien sin enn før koronatida. Dette samsvarar med inntrykket fleire av intervjuobjekta har om at mange har fått meir tid til å vere saman i familien – på godt og vondt. Om lag 10 prosent av ungdomsskule- og vidaregåandetrinnet svarar at det har vore meir krangling heime. Fleire jenter enn gutar rapporterer om dette.

Vennskap er trekt fram av mange intervjuobjekt som ei utfordring under koronapandemien. I Ungdata 2021 rapporterer om lag 20 prosent av ungdomsskule- og vidaregåandeelevane i Stord at dei har hatt færre vener å snakke med under pandemien. Svara viser at det er elevane på 8. trinnet og Vg1 som har opplevd dette mest. Det underbyggjer vurderingane til skuleleiinga ved ein av ungdomsskulane, som er klar på at koronatida har vore særleg sårbar for elevane som starta på åttande trinnet hausten 2020. Dei både avslutta barneskulen og starta på ungdomsskulen under smitteverntiltak som regulerte sosial kontakt med andre. Skulane har ikkje kunna jobba med klasse- og skulemiljøa som normalt, og dei organiserte fritidsaktivitetane har måtte avgrense aktiviteten sin. Barn og unge har ikkje hatt dei same mogelegheitene til verken å pleie vennskap eller å skaffe seg nye vener.

Tabell 11 - Samanlikna med tida før korona, korleis har året under korona-pandemien vore for deg? (prosentdelen som har svart stemmer godt eller stemmer svært godt)



Tabell 12 - Samanlikna med tida før korona, korleis har året under korona-pandemien vore for deg? (prosentdelen som har svart stemmer godt eller stemmer svært godt)



At mange barn og unge har kjent meir på einsemd det siste året, har mange av intervjuobjekta i kartlegginga trekt fram. Når ein ser resultata av Ungdata-undersøkinga (tabell 12), ser ein at det ikkje er utan grunn. Mange har opplevd meir einsemd det siste året, og ungdommane som går Vg2 og Vg3 har kjent mest på dette. Heile 41 prosent av jentene på vidaregåande skule har kjent meir på einsemd enn før pandemien.

STORD KOMMUNE

Tabell 13 - ungdomsskulane



Tabell 14 - vidaregåande skule



Utekontakten/ungdomskontakt

Utekontakten og ungdomskontakten i Stord oppsummerer koronåret med at det har gått greitt for dei fleste ungdommane, men at mange av dei som streva frå før har hatt det verre. Det har vore fleire jenter enn før som tek kontakt med Utekontakten/ungdomskontakt med psykiske helseplager, særleg etter den første gjenopninga av samfunnet utpå våren 2020.

Tenesta meiner ungdommane alt i alt har vore solidariske og flinke til å halda seg til retningslinene, men høyrer våren 2021 at fleire er leie av å ikkje få vera saman med dei som dei ønskjer å vera med – og at det då går på kostnad av smittevernreglane.

For mange har det vore krevjande med heimeskule, slik Utekontakten og ungdomskontakt ser det. Mange har mista kontakten med andre ungdommar og vaksne, og dei som frå før strevde med fråvær har strevd endå meir. Avgrensingar i kor mange som kan vere saman har òg vore utfordrande for mange. For somme er det er vanskeleg å seia nei til andre, medan somme igjen brukar reglane for å stenga andre ute.

Nokon ungdommar har hatt det betre med koronatiltaka. Dei har kanskje opplevd mindre stress med å meistre skulen og sosiale arenaer, fått meir ro ved heimeskule, eller opplevd færre konfliktar heime som følgje av mindre lekser.

Utekontakten/ungdomskontakt framhevar mindre kav og stress i einskilde familiar, meir kvalitetstid i familien som følgje av færre fritidsaktivitetar, og færre som opplever ulikskap i høve til kva aktivitetar dei har høve til å delta i, som dei viktigaste positive konsekvensane av koronatiltaka.

På den negative sida, ser tenestene at nokre opplever meir einsemd, og at fleire har psykiske helseutfordringar som følgje av pandemitiltaka. I tillegg har ungdommane i mindre grad teke del i fritidsaktivitetar, og saknar fritidstilbod. Utekontakten og ungdomskontakten er uroa for fråfallet i organiserte fritidsaktivitetar.

Dei opplever vidare at smitteverntiltaka har ført til konfliktar blant vener og kjente, noko som ha ført til ekskludering, utestenging og utanforskap for somme. Dei trur vidare at mindre samarbeid mellom tenestene i kommunen har gitt ungdommane eit dårlegare tilbod. Dei to instansane er vidare spente på kva all den digitale kontakten ungdommar imellom vil få å seie på sikt.

Sidan dei gjennom pandemiåret har sett færre ungdommar enn vanleg, har Utekontakten/ungdomskontakt hatt mindre oversikt over målgruppa i pandemiåret enn elles. Dermed har det vore vanskelegare å fanga opp dei som strevar med noko. For å kompensera for færre fysiske møte, har begge instansar jobba for å bli meir synlege på sosiale medium og snakka meir med ungdommane gjennom videosamtalar og chat. Særleg i byrjinga av pandemien var dette kommunikasjonsforma. Dei såg etter kvart at dei i større grad måtte møta ungdommane fysisk. Dette skjedde først i alternative lokale, før lokala til Utekontakten blei opna meir opp for besøk og samtalar på starten av sommaren 2020.

For å fanga opp og hjelpa ungdommar som strevar i ein pandemi, er synlege og tilgjengelege hjelpetenester eit viktig tiltak – slik Utekontakten og ungdomskontakten ser det. Dei planlegg sjølv å vera meir synlege ved starten av nytt skuleår, sidan dei opplever at det no er færre som veit kven dei er og kva dei kan hjelpa med.

Tenestene framhevar vidare viktigheita av å få i gang igjen fritidsaktivitetane, og meiner det for framtida er viktig at fritidsaktivitetane i størst mogleg grad tilpassar seg og gjer det dei kan for oppretthalda aktivitet i tråd med gjeldande regelverk – i staden for å avlysa. Vidareutvikling av verktøya for å nå ungdommane digitalt, er siste tiltaksforslag frå Utekontakten og ungdomskontakt.

Sunnhordland Interkommunale Barnevernteneste (SIB)

SIB, som har ansvar for kommunane Stord, Fitjar og Bømlo, opplever òg at det er ulikt korleis barn og unge har opplevd det siste året. Somme barn tenesta jobbar med har streva ekstra, medan somme synest det har vore lettare sosialt, og andre igjen leverer betre resultat på skulen.

Som ein klar negativ konsekvens av pandemien og smitteverntiltaka, framhevar barneverntenesta at den har registrert ein markant auke i talet på meldingar som handlar om vald. Per 26. april var det kome inn heile 60 meldingar (Bømlo, Fitjar og Stord) om barn som er utsette for vald eller har vore vitne til vald i 2021. Til samanlikning fekk SIB 18 slike meldingar i same periode i 2020. Om pandemitiltaka har vore utløysande for valdsauken, kan barnevernet og politiet så langt ikkje seia sikkert, men dei har grunn til å tru at ein del tilfelle kan vera koronarelatert – sidan pandemien påverkar psykisk helse, økonomi og mykje anna. Dette gjeld særskilt dei som er sårbare frå før. For SIB er slike valdssaker krevjande å jobba med i seg sjølv, og med strenge smitteverntiltak og ei teneste inndelt i kohortar, har sakene blitt endå meir krevjande.

I pandemiperioden har SIB også motteke fleire meldingar om foreldre som strevar med rusbruk enn tidlegare. For SIB har det vore ei utfordring at mange av dei instansane som følgjer opp foreldre med psykiske vanskar og rusproblem har endra sine arbeidsmetodar under pandemien, og for eksempel ikkje hatt like mange fysisk treff/heimebesøk som planlagt/foreldra har hatt behov for. Ved nokre høve har tilbod forsvunne heilt grunna stenging. Til dømes har ikkje BUP tilbode foreldrerettleiing, foreldre/barn-senter har hatt avgrensingar i tilbodet, og Haugaland A-senter stengte ein periode ned døgnbehandlinga. Dette har ført til at SIB i større grad har måtta følga opp sakene, og at barn med foreldre ikkje alltid har fått rett hjelp til rett tid.

SIB vedgår at de i enkelte av deira saker har oppstått fristbrot som følgje av smittesymptom/sjukdom/karantenar blant både brukarar og tilsette i pandemiperioden. Tenesta opplever vidare at det har vore vanskelegare å komma inn i heimane under pandemien, ved at fleire brukarar har halde igjen/ikkje villa hatt besøk.

SIB registrerer vidare manglande motivasjon for kvardagsaktivitetar som skule og fritidsaktivitetar blant barna dei jobbar med, og at barn og unge i større grad er prisgitt eigne ferdigheiter i ein skulekvardag som krev større sjølvdisiplin. Barneverntenesta opplever òg stor forskjell i kvaliteten i skulane, ved at det er ulikt korleis elevar har blitt følgde opp. For dei yngste, registrerer SIB eit høgare fråvær i barnehagen under pandemien blant barn dei jobbar med.

Barneverntenesta framhevar at smitteverntiltaka har bidrege til utanforskap og ekskludering av barn, ved at familiar har praktisert ein streng kohortpraksis med ein til to leikekameratar – og at somme barn har falle utanfor slike leikelag. Slik SIB ser det, har introverte barn hatt lettare for å «forsvinna» heilt i ein kvardag med større avstand til trygge vaksne.

I barneverntenesta blir auka bruk av digitale verktøy sett på som ein positiv konsekvens av pandemien, der tenesta har nådd ut til fleire, kunna gjennomføra meir effektive møte, og brukt mindre tid på reising. SIB ser det også som vært positivt at barn med særlege behov raskt fekk tilbod om barnehage/skule då samfunnet stengte ned våren 2020. At skular og barnehagar òg har opna for at barneverntenesta kan koma til dei for barnesamtalar og oppfølging, blir framheva som bra.

For framtida, meiner SIB der er viktig å halda skular, barnehagar og fritidsaktivitetar mest mogleg opne – for å gi barn og unge flest mogleg møteplassar og god kontakt med trygge vaksne. Barnevernet ønskjer vidare ein raskast mogleg retur til eit «normalisert» samfunn, og dei tryggare rammene det gir for barn i sårbare familiar.

Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)

Helse Fonna sin barne- og ungdomspsykiatriske klinikk på Stord opplever at pandemitiltaka har gitt auka risiko for uhelse blant barn og ungdom, då mange barn har det krevjande heime og mangelen på fysisk oppmøte på skule og fritidstilbod har auka sjansane for at kvardagen har vorten verre for desse barna. Barne- og ungdomspsykiatrien meiner einsemd og inaktivitet er generelle, negative konsekvensar for målgruppa deira som følgje av pandemien.

BUP har sidan hausten 2020 registrert ein auke i tilvisingar på 25-30 prosent, og ser den som ein konsekvens av færre skule-, fritids- og helsetilbod under pandemien – der barn og unge har mindre kvardagsaktivitet og sosial kontakt, og meir tid til å gå inn i seg sjølv. Auken er den same ein ser elles i landet. For BUP på Stord er det særleg tilvisingar knytt til spiseforstyrringar som aukar. Det er ikkje registrert ein auke i tilvisingar som følgje av angst, depresjon eller einsemd. BUP ser òg at talet på tilvisingar til spe- og småbarn har gått opp i pandemiperioden.

BUP poengterer at dei har hatt føringar frå dag ein om å vidareføra drifta mest mogleg som før, men at pandemien har gitt forskyvingar i behandlinga dei har gjeve. Det er til dømes gjennomført færre observasjonar i skular, barnehagar og heimar, og dei yngste har fått litt lengre sakshandsamingstid. Som følgje av smitteverntiltaka, har BUP òg opplevd å stå meir åleine i arbeidet med psykisk helsevern for barn og unge.
For å kompensera utfordringane i det daglege arbeidet for barn og unge, har BUP mellom anna fått koronamidlar til fleire tilsette, lånt lokale for å kunna gjennomføra gruppeundervisning, og lagt til rette for andre tiltak utanfor eige bygg.

Den positive effekten av smittverntiltaka, slik BUP ser det, er at spesialisthelsetenesta har fått auka kompetanse og erfaring med digitale verktøy – noko som kan vera bra i det vidare arbeidet.

Av forslag til tiltak som kan betra situasjonen for barn og unge gjennom resten av pandemien eller ved ein ny pandemi, meiner BUP det er viktig å bygga vidare på erfaringane med digitale kontaktflater – som har fungert bra i mange tilfelle, halda informasjonsmøte, halda dei ulike helsetenestene opne, sikra seg gode fasilitetar, og å samarbeida tett for å koma tilbake til normalen.

NAV

For NAV er det ei viktig oppgåve å hjelpa unge stordabuar i alderen 16-30 år som står utanfor arbeidslivet inn i anten jobb eller utdanning. For majoriteten i denne gruppa har pandemitiltaka ikkje ført til dei store endringane i kvardagen, slik NAV opplever det. Mange av brukarane har i utgangspunktet små nettverk å støtta seg til, og har dermed merka mindre til dei sosiale avgrensingane som følgje av pandemien. Eller som ein brukar oppsummerer det:

«Velkommen til min kvardag»

NAV meiner fleire i denne gruppa har kjent på auka einsemd gjennom pandemien, som følgje av at dei ikkje møter andre gjennom jobb eller skule, og at koronatiltaka gir færre sosiale møteplassar. Ein av dei viktigaste møteplassane for unge jobbsøkarar er Springbrettet, eit tilbod som kvar morgon samlar unge mellom 18 og 30 år til felles frukost og påfølgande utvikling av jobbsøkar- og sosial kompetanse. Dette tilbodet måtte tidleg stengast, då lokalet på kaien i Vikjo ikkje oppfylte krava om avstand mellom deltakarane på samlingane. Tilbodet er enno ikkje opna opp i si opphavelege form. Stenginga var negativ for den sosiale kontakten og fellesskapen mellom brukarane, og gjorde det òg vanskelegare for NAV å hjelpa desse personane. Slik tenesta opplever det, er det svært verdifullt å vera saman med andre i same situasjon når ein skal jobba med eigen motivasjon og kompetanseutvikling. Å gjera dette ein-til-ein, på telefon- eller videomøte med NAV, er langt tyngre for mange. Ein annan negativ effekt av stenginga av Springbrettet, var at innsatsen til den enkelte vart frivillig – der NAV ikkje lenger kunne stilla krav om oppmøte for å få ytingar.

NAV uttrykker uro for den psykiske helsa til ungdommane dei jobbar med. Tenesta ser at dei som strevar psykisk isolerer seg endå meir enn tidlegare, og fleire med psykiske vanskar har opplevd det som vanskelegare å få time på Distriktspsykiatrisk poliklinikk (DPS) i pandemiperioden. Tenesta er òg bekymra for studentane, som i stor grad sit åleine med studiane og kanskje ikkje får jobb etterpå.

På plussida ser NAV at pandemitiltaka har bidrege til auka digitalisering blant brukarar og tilsette. At jobbmarknaden for unge, ufaglærte har vore god – til dømes i form av stillingar innan butikk og reinhald – er ein annan positiv effekt i pandemiåret.

Slik NAV ser det, har oppfølginga av ungdommane «deira» blitt dårlegare som følgje av pandemitiltaka. Med tanke på framtida, ønsker tenesta seg først og fremst lokale og fasilitetar med kapasitet til å takla avstandsreglane. Ungdom treng å sjå at dei ikkje er åleine med å ha det vanskeleg, og NAV greier ikkje gi same oppfølginga som på Springbrettet ved berre å arbeida ein-til-ein.

NAV framhevar vidare viktigheita av eit godt og ope helsetilbod, og ser gjerne at dei over 18 får eit lågterskeltilbod med drop-in-timar som gir dei nokon å snakka med i påvente av hjelp frå DPS.

Krisesenteret

Krisesenter Vest IKS gir eit bu- og dagtilbod til kvinner, barn, menn og LHBT-personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.

Mange i målgruppa deira er allereie i ein sårbar situasjon, og blir råka av smitteverntiltaka. Dette gjeld både dei som lever i ein valdeleg relasjon og dei som er i reetableringsfasen. Smittevernreglane resulterer mellom anna i manglande avlastning for omsorgsperson i form av skule/barnehage, barn som får ikkje møta tryggleikspersonar i skule, barnehage eller fritidsaktivitetar, samt at barn sin kontakt med krisesentertilbodet – då i form av meir sosial karakter/ besøk – har vorte avgrensa.

Krisesenter Vest IKS meiner barn kan vera vitne til meir vald då dei er heime i periodar grunna heimeskule, karantene eller isolasjon. Dei peikar òg på valdsutøvarar kan nytta smitteverntiltaka til å legitimera isolasjon og kontroll over vaksne og barn.

Krisesenteret opplever at prosessar i tenesteapparatet tek lenger tid enn tidlegare som følgje av koronatiltaka, og at venting på tiltak og tenester skaper ei ekstra belastning for dei som treng hjelp.

Vidare peikar senteret på at det kan vera ekstra utfordrande for brukarane deira å ha barna heime frå skule eller barnehage i samband med nedstenging, karantene og isolasjon, då brukarane gjerne har lite nettverk eller liten tilgang på nettverk tett attmed. Dette kan skapa ekstra store belastningar for omsorgspersonar som allereie er pressa, og det har i løpet av pandemien ikkje vore snakk om å behandla barn på krisesentertilbodet som ei sårbar gruppe med behov for skule/barnehage.

Krisesenteret arbeider normalt aktivt med at brukarar skal nytta sitt sosiale nettverk under opphald og i reetablering. Under pandemien har senteret derimot måtta oppmoda brukarar om å avgrensa talet på personar dei er i kontakt med, noko som har vore ei ekstra belastning for fleire.

Av smittevernomsyn har vaksne og barn ikkje kunna ha besøk av familie og nettverk på krisesenteret. Av same grunn har det òg vore avgrensa kva ein har kunna få til av sosiale aktivitetar på. Dette har forsterka følelsen av einsemd og isolasjon for enkelte.

Gjennom pandemien har dagtilbodet for det meste måtta gå over telefon. Krisesenteret meiner brukarane då ikkje får den same kontakten med tilbodet som ved fysisk oppmøte, men ein del brukarar har likt å ta det over telefon med tanke på eventuell smitte. Krisesenteret har vidare måtta avgrensa mengda fysiske møtepunkt som følgje av utstrekt bruk av heimekontor, og det har vore færre samarbeidsmøte med fleire instansar til stades.

Trass ei rekke ulemper, ser Krisesenter Vest også nokre positive konsekvensar av pandemitiltaka. For barn og unge har det mellom anna vore enklare å følgja ordinær digital undervisning under opphald på krisesenteret, og senteret opplever òg at det sosiale presset og forskjellar knytt til ambisjonar og planar for feriar og fritid i enkelte tilfelle er blitt mindre.

For å avbøta smitteverntiltaka, har krisesenteret mellom anna fordelt døgnbrukarar mellom avdelingane i periodar med stort trykk. Dette har sikra lågare persontettleik på den enkelte avdeling, og gitt betre rom for ein meir normal kvardag.

Senteret har vidare gitt tilbod om hyppigare samtalar til barn og vaksne som slit med einsemd eller ventar på tilbod frå andre tenester, og valt telefonsamtalar framfor oppmøtesamtalar for å avgrensa potensiell smitte. I tilfelle der brukaren elles ville fått hjelp frå ei anna teneste, har krisesenteret ytt bistand til utforming av ulike søknadar. Sidan den årlege julesamlinga, der brukarar vert invitert inn til sosial samling og aktivitetar, måtte avlysast i 2020, spreidde senteret i staden litt juleglede i form utdeling av mat- og aktivitetskassar til den einskilde familie.

For at målgruppa skal få ein betre kvardag under dagens eller eventuelle framtidige pandemiar, ønskjer krisesenter Vest tettare samhandling i enkeltsaker. Det vil sikra brukarane bistand i tider der det kan ta lengre tid å få tilgang til tenesteapparatet som følgje av smittvernomsyn. Som samfunnskritisk funksjon ønsker senteret òg å bli inkludert i planarbeidet til eigarkommunane med omsyn til smittevernhandtering, plan for eventuell smitte på krisesentertilbodet, vaksinering, testing av brukarar osb. Det vil minimera bruken av tid til utarbeiding av rutinar/prosedyrar ved den einskilde teneste, og utløysa personalressursar som kan nyttast direkte inn mot brukargruppa.

Behovet for eigna bygg vert òg framheva som viktig for framtida, og Krisesenter Vest arbeider i dag med eit prosjekt knytt til nybygg. Behovet for dette er blitt ekstra tydeleg under pandemien med tanke på å ha plass nok til å kunna halde avstand, reinhald, høve til karantene/isolasjon innanfor trygge rammer, å samla personalressursar mm.

Studentane

Å vera student under pandemien har heller ikkje vore heilt enkelt, verken på Stord eller andre stader. Sammen, Studentsamskipnaden på Vestlandet, opplyser at dei får ein del fleire førespurnader frå studentar som vil nytta seg av psykologtenesta enn før pandemien, men at auken gjerne ikkje er like stor på Stord som det mange andre studiestader opplever. Samtidig opplever psykologtenesta at ein del av vanskane til studentane no kan ha fått litt større alvorsgrad enn før pandemien slo inn.

Både for Campus Haugesund og Campus Stord nemner psykologane at pandemien og smittevernrestriksjonane er med på å gjera situasjonen verre for dei som hadde det vanskeleg og streva med noko frå før. Studentsamskipnaden har inntrykk av at avgrensingane knytt til sosial kontakt, samt at krava til sjølvstudium vert opplevd som større, er dei viktigaste årsakene til dette.

Nasjonale funn

I den ferske studentundersøkinga SHoT har over 62.000 norske heiltidsstudentar svart på korleis det har vore å vera student det siste året – med hovudfokus på helse, livskvalitet, studieprestasjon- og gjennomføring. Rapporten blir normalt utarbeidd kvart fjerde år, sist i 2018, og årets utgåve er ei tilleggsundersøking på bakgrunn av Covid-19 pandemien og alle smitteverntiltaka som òg har råka studentgruppa. Undersøkinga, som er gjennomført av Folkehelseinstituttet på oppdrag for studentsamskipnadene, gir fleire dystre tal om den psykiske helsa til studentane:

- Ein av fem svarar at dei har skada seg sjølv med vilje. (Ingen auke)
- Like mange svarar at dei har tenkt på å ta sitt eige liv, men ikkje faktisk prøvd å gjera det. (Ingen auke)
- Fire prosent svarar at dei har forsøkt å ta sitt eige liv. (Ingen auke)
- 19 prosent seier dei har søkt hjelp for psykiske plager siste 12 månader. (Auke på fire prosentpoeng)
- 45 prosent svarar at dei har hatt eller har alvorlege psykiske plager. (Auke på 13 prosentpoeng)

Det er i skrivande stund ikkje publisert delresultat fordelt på campus og fakultet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), men ifølgje fagansvarleg for læringsmiljø og læringsstøtte ligg HVL tett opp mot dei nasjonale hovudfunna på dei fleste område. Den fagansvarlege vurderer at tala nasjonalt er urovekkande, men meiner dei må lesast ut frå situasjonen det siste året. Ein må rekna med at tala «normaliserer» seg i takt med gjenopninga av samfunnet. Samstundes ser me at den nasjonale Kjøs-rapporten viser til andre undersøkingar der redusert livskvalitet blir løfta fram hos studentane. Rapporten syner at det ikkje nødvendigvis er meir psykiske plager som følgje av restriksjonane i samfunnet. Denne gjev noko balanse til SHoT-undersøkinga.

Les heile rapporten til ekspertgruppa her:

https://www.regjeringen.no/contentassets/f3f79f0e0acf4aebaa05d17bfdb4fb28/rapport-fra-ekspertgruppe-livskvalitet-psykisk-helse-og-rusmiddelbruk.pdf

Under er eit utval av hovudfunna i årets SHoT-undersøking:

- 68 % av studentene oppgir at de har god eller svært god helse. Dette gjelder flere mannlige (74 %) enn kvinnelige studenter (66 %), og opplevelsen av å ha god eller svært god helse synker med økende alder. Det er en tydelig forverring av egenvurdert helse i årets undersøkelse sammenlignet med 2018.

- Det har vært en økning i andelen studenter som har søkt hjelp for fysiske plager siste året. Mens 42 % av studentene rapporterte om å ha søkt slik hjelp i 2021, var tilsvarende andel på 38 % i 2018, 35 % i 2010 og 33 % i 2014.

- 77 % av studentene trener 2-3 ganger i uken eller mer, mens kun 2,5 % aldri mosjonerer. En-femtedel (18 %) av studentene mosjonerer omtrent hver dag. Det er små kjønnsforskjeller. Etter en jevn nedgang fra 2010 til 2018 når det gjelder andelen som trener 2-3 ganger i uken eller mer, ser vi en betydelig økning i andelen til 2021.

- Det er en svak nedgang i andelen som oppgir god livskvalitet sammenlignet med de foregående SHoT-undersøkelsene. Mens omtrent fire av ti studenter oppga god livskvalitet fra 2010 til 2018, sank denne andelen til 34 % i 2021. Samtidig er det kun en liten økning i andelen studenter med dårlig livskvalitet fra 2010 til 2018 (fra 13 % til 16 %).

- Det har vært en betydelig økning i rapporterte psykiske plager fra 2010-undersøkelsen og frem til årets tilleggsundersøkelse. Mens gjennomsnittskåren på HSCL-5 økte jevnt fram til 2018, var det en kraftig økning til årets undersøkelse. Andelen studenter med det som kan karakteriserer som høyt nivå psykiske plager har økt fra nesten hver 6. student i 2010 til nesten halvparten i 2021.

- Økningen sees både blant kvinnelige og mannlige studenter, men er mer markant hos kvinnelige.

- 18 % av studentene oppgir å ha en psykisk lidelse, og de vanligste lidelsene er depresjon (12,3 %) og angst (10,5 %).

- Forekomsten av andelen studenter som oppgir å ha en psykisk lidelse har økt fra 16 % i 2018 til 18 % i 2021.

- Kvinnelige studenter har litt over dobbelt så stor sannsynlighet som mannlige for å ha søkt hjelp for psykiske plager.

- Omfanget av selvskading og selvmordstanker er høyt blant studentene. Én av fem svarer at de har skadet seg selv med vilje og like mange at har tenkt seriøst på å ta sitt eget liv, men ikke faktisk forsøkt å gjøre det. Fire prosent oppgir å ha forsøkt å ta sitt eget liv.

- Det har vært en jevn økning av andelen som rapporterer selvmordstanker siden 2010; fra 8 % i 2010, til 15 % i 2021.

- Hele 44 % savner ofte/svært ofte noen å være sammen med, 24 % føler seg ofte/svært utenfor, mens 37 % føler seg ofte/svært ofte isolert. Over halvparten (54 %) av studenter svarer ofte/svært ofte på minst ett av disse tre spørsmålene. Én av seks studenter svarer ofte/svært ofte på alle tre spørsmålene om ensomhet.

- Det er langt flere studenter i 2021 (67 %) som har en alkoholbruk som kan regnes som normal ut ifra terskelverdiene fra AUDIT, sammenlignet med i 2018 (56 %). Denne bedringen de siste tre årene kan forklares ved at færre studenter har en risikofylt alkoholbruk i 2021 (30 %) sammenlignet med i 2018 (38 %). Bedringen har skjedd på tvers av kjønn.

- Siden studiestart i august 2020 har studentene brukt mer tid på TV, sosiale medier og gaming.

- Studentene oppgir å bruke mye mindre tid på sosiale aktiviteter, samt noe mindre tid på samvær med familien, frivillige aktiviteter, og trening. Tid brukt på studiene var nesten uendret.

- Rundt halvparten av studentene oppgir at mer enn 80 % av forelesningene har vært digitale siden august 2020.

- 7 av 10 studenter vurderer den digitale undervisningen som dårligere eller mye dårligere sammenlignet med tradisjonell undervisning.



- 8 av 10 studenter oppgir manglende kontakt med medstudenter og mindre engasjerende forelesninger som de viktigste utfordringene. 57 % av studentene oppgir at de savner kontakt med faglæreren.

- Det er særlig de yngste studentene som oppgir at de savner medstudentene og faglæreren.

- Mer enn hver tredje student (31%) bruker mer enn 10 timer daglig på skjermtid, noe som er en økning fra 28 % i 2018.

I rapporten skriver FHI følgende om deltagelse og representativitet:

Svarprosenten (34.8%) gjør at man må ta noe forbehold med hensyn til å generalisere funnene fra årets SHoT-undersøkelse til hele studentpopulasjonen. Bortsett fra kjønn og alder har vi ikke hatt mulighet til å undersøke representativiteten til det deltagende utvalget.
Heile SHoT-undersøkinga er publisert på nettstaden

studenthelse.no

Frivillige lag og organisasjonar

Idrettslaga i kommunen, representert ved IL Solid og Stord IL, er begge uroa for kva konsekvensar smitteverntiltaka har ført til for barn og unge. Dei trekkjer fram at idretten er ein viktig friplass for mange barn og unge. Nokon barn har trenaren som den trygge vaksne i livet sitt.

Idrettslaga er vidare uroa for kva dei sosiale konsekvensane har vore og vil verta for barn og unge som ikkje har fått delt fritidsinteressa si med venene som normalt. Fellesskapen står sterkt i idretten, og det at møteplassane har vorte reduserte og utilgjengelege for barn og unge, men også trenarar, foreldre og innbyggjarane elles som brukar idrettsarenaen som ein møteplass, vert trekt fram som negative konsekvensar av smitteverntiltaka.

Dei er vidare uroa for kva den reduserte organiserte aktiviteten det siste året vil ha å seia for fråfallet i den organiserte fritida. Idrettslaga er klare på at dei merkar eit fråfall, men at dei er usikre på kor stort det er og vil verta. Dette får ein truleg først svar på når det vert opna opp for full aktivitet igjen. Laga har jobba for å redusera fråfallet før koronapandemien, og hadde identifisert kva alderstrinn som hadde størst utfordringar med fråfall. No ser dei at det er fråfall over alt, og er særskild uroa for dei yngste barna som ikkje har fått etablert seg i klubbane. Ein kjenner til fleire tilfelle der foreldre har halde barnet heime frå aktiviteten og så har barnet etter kvar slutta. Enkelte lag har blitt så fåtalige at det går ut over aktiviteten til resten. Opplevinga til idrettslaga vert stadfesta i årets Ungdata-undersøking, som syner ein nedgang på åtte prosentpoeng i deltakinga i organisert fritidsaktivitet for ungdomsskuleelevane frå førre undersøking. Frå å ha ei deltaking på 71 prosent og ligga over landsnittet i 2019, var det berre 63 prosent som i år svara at dei deltek i eit frivillig lag og eller organisasjon. Det er under landssnittet. Idretten og korpsa har hatt størst reduksjon.

Musikkrådet er trygge på at dei vaksne kjem tilbake til kora og korpsa når samfunnet er meir tilbake til normalen. For barn og unge stiller det seg annleis. Dei veit at korpsa har mista medlemmar, og alle dei tre skulekorpsa i Stord er no faretrugande små. Det har vore vanskeleg å verva nye medlemmar i eit år med avgrensa aktivitet. Ungdata stadfestar fråfallet hos korpsa med at det er halvparten så mange ungdomsskuleelevar svarar at dei deltek i eit korps i 2021 samanlikna med 2019.

Pandemien kan òg rokka ved frivilligheita som «system». Som eit resultat av at fleire har kjent på livet utan frivillig arbeid, med meir ro og kanskje ein meir behageleg kvardag, er idrettslaga redde for at det vert vanskelegare å rekruttera og halda på frivillige til å drive klubbane. Laga er heilt avhengige av at ungdom og vaksne engasjerer seg og gjer frivillig arbeid for å kunna tilby aktivitet for barn, unge og vaksne. Laga er også uroa for om foreldre vil avgrensa aktiviteten til borna av eigne omsyn.

Det å driva ein klubb har vore svært krevjande det siste året. Grunntanken til fleire frivillige er at jobben ein gjer skal resultera i god trygg aktivitet for barn og unge. Året med pandemien har kravd enormt med organisering som ingen ser fordi ein ikkje har fått driva med aktiviteten. Klubbane har måtte jobba med ting ein ikkje kan eller ønskjer. Alle retningslinene, avgrensingane og det å møta usikkerheita blant medlemmane, har vore krevjande. For einskilde har det ført til at ein som frivillig har kjent seg mindre verdsett. Ein har ikkje fått dei tilbakemeldingane som vanlegvis gir motivasjon. Det å kjenna på fellesskapen ved å planlegga og gjennomføra arrangement, få smila og kommentarane og sjå aktiviteten utfalda seg, har vore tilnærma fråverande det siste året. Representantane frå begge idrettslaga er derfor spente og urolege for kva pandemien har gjort med kulturen for dugnad som klubbane er så avhengige av.

Alle endringane, mykje informasjon, avlysingar og usikkerheit har som nemnt gjort det krevjande for dei frivillige laga og organisasjonane å gjennomføra aktivitet. Informasjonen har blitt tolka ulikt, noko som igjen har resultert i at nokon stenger aktivitet medan andre held ope.

Idrettslaga har oppmoda gruppene til å gjennomføra aktiviteten innanfor retningslinene, og meiner det er svært viktig at aktiviteten vert opna opp att i størst mogeleg grad. Dei trekkjer fram at distrikta og mindre stader som Stord kjem dårleg ut med regelverket om å berre konkurrere innan for eigen kommune, som har vore gjeldande i vår.

At idrettshallen vert brukt som ein permanent stad for vaksinering vert trekt fram som særskilt uheldig når aktiviteten det siste året har vore låg. Idretten kan ikkje sjå at barn og unge vert prioritert med denne avgjersla, og undrar seg over i kva grad ein har sett på andre mogelegheiter til vaksinering.

Musikkrådet fortel at det har vore minimalt med aktivitet i kora og korpsa det siste året. Sameleis som idrettslaga, opplever kora og korpsa at det har vore mykje arbeid med å leggja til rette for aktivitet som stort sett har blitt avlyst. Dette har gått utover motivasjonen. Song- og musikkmiljøet har vidare opplevd det som krevjande å synga og spela som følgje av avstandskrava. Dette har også vore ein medverkande faktor til at aktiviteten har vore låg, trass i at fasilitetane har vore gode.

Musikkrådet meiner at korpsa treng å stå saman om å rekruttera inn nye barn i skulekorpsa. Dei ønskjer at kulturskulen hadde eit aspirantkorps, då dei meiner det hadde vore eit godt rekrutteringstiltak.

Med fleire krav og oppgåver, krev det meir å drive ein klubb i dag enn for nokre år sidan. Både idrettslaga og kulturrådet meiner at det er viktig å sjå og støtte opp om frivillige lag og organisasjonar no. Dei ønskjer at kommunen i større grad har ressursar til å støtte idretten, korpsa og kora – ein kontaktperson som kan hjelpa til med samarbeidsprosjekt, søknadar, informasjonsarbeid og få frivillige lag og organisasjonar til å samarbeida tettare med mål om å skapa eit best mogeleg oppvekstmiljø.

Å leggje til rette for uorganiserte møteplassar vert vidare løfta fram av idrettslaga som eit viktig tiltak for å stimulera til aktivitet for barn og unge.

Idrettslaga meiner òg at god og tydeleg kommunikasjon og retningsliner er viktig framover og ved framtidige pandemiar. Informasjonen bør gi mindre grobotn for tolking. Dette vil skapa mindre usikkerheit og frustrasjon blant dei frivillige.

Sårbare grupper

Også i dei sårbare gruppene er det skilnad på korleis det har vore å leva med pandemitiltaka. Dei fleste trekker fram einsemd og manglande sosial kontakt som to hovudutfordringar, der òg tilgang på og meistring av digitale verktøy spelar inn. Me har til dømes bufellesskapane for utviklingshemma i Stord kommune som ikkje har trådlaust internett, og det gjeld òg brorparten av dei kommunale bustadene.

Intervjua i dei sårbare gruppene fortel om eit stort sakn etter fellesskap. Aktivitetstilboda, dei faste møteplassane og kontakten med vener og i tilsette i tenestene, er viktige for brukarane. Under pandemien har mange tilbod vore heilt eller delvis stengde.

Arbeidsgruppa sit med eit klart inntrykk av at vaksne utviklingshemma er ei gruppe som har hatt eit langt dårlegare tilbod enn andre grupper i kommunen. Dei opplevde i starten av pandemien å ikkje få lov til å få besøk i heimane sine. Dei har vidare i lengre periodar stått utan både dag og fritidstilbod, og det verkar som det er eit stort behov for at "laget" rundt målgruppa samarbeider tettare. Fasilitetane i bufellesskapane er også trekt fram som ei utfordring. Til dømes har det vore mykje organisering og flytting fordi det er manko på garderobar i fleire av bufellesskapane. Det kjem òg fram i fleire av intervjua at utviklinghemma burde kome høgare opp på prioriteringslista av vaksine.

Ved Stord DPS har spesialisthelsetenesta registrert ein auke på mellom 50 og 60 prosent i tilvisingane av vaksne med symptom på ADHD det siste året. Dette gjeld befolkninga som heilskap, og ikkje berre dei sårbare gruppene. DPS ser ein klar samanheng med all tida me er heime under pandemien, der mange kjenner meir på kriblinga i kroppen utan å få utløp for energien på til dømes trening eller fest. DPS registrerer derimot ikkje nokon auke i tilvisingar for einsemd eller depresjon.

God informasjon om gjeldande smittevernreglar og oppmodingar vert trekt fram i mange av intervjua. Gruppene har opplevd at det har vore mykje informasjon, men også ulik kvalitet på informasjonen som er delt. Dette punktet har vore særskilt viktig for innvandrarar og flyktningar, som er avhengig av tilrettelagt informasjon.

Innvandrarar og flyktningar

I intervju med kontaktutvalet for innvandrarar og flyktningar vert det peika på at barn med innvandrarbakgrunn jamt over har hatt det vesentleg vanskelegare enn etnisk norske barn under pandemien, som følgje liten sosial kontakt med andre og tronge bustadkår. For desse barna er skule og fritidsaktivitetar særleg viktige sosiale arenaer og nettverk, men på grunn av pandemitiltaka har denne sosiale kontakten med andre barn blitt avgrensa.

Fleire barn har òg mista språkundervisning eller spesialundervisning heilt eller delvis ved heimeskule og raudt nivå, noko som gir hol eller etterslep i norskkunnskapane. Dette kan ver alvorleg med tanke på vidare læring, og kan innebera ein fare for at barna blir oppfatta som « litt enkle » fordi dei heng bakpå i språkutviklinga. Døgnrytmen vert også nemnt som ei utfordring for mange i denne gruppa.

For dei vaksne, har det vore vanskeleg å følgja opp skulegangen til barna. Språkbarrierar har gjort det vanskeleg å kommunisera og forstå all informasjon dei har motteke. Det meste av informasjonen direkte frå skulane har kome på norsk, og fleire vaksne i denne gruppa har til dømes ikkje visst kva raudt og gult nivå i skulen er. Dermed er dei vaksne i stor grad avhengige av at barna sjølv gjer det dei skal, og møter til avtalt tid.

For dei vaksne, vert det vidare trekt fram at det har vore krevjande å gjennomføra legetimar som krev bruk av telefontolk. Mange har òg opplevd det som vanskeleg å ha mindre kontakt med vener og familie på grunn av reiserestriksjonar, og det har vore krevjande å ikkje kunna samlast mange i lag til bøn og sosialt samvær under ramadan. For dei som driv mindre firma, har koronaperioden vore ei vanskeleg tid.

Einaste positive konsekvens av pandemien som vert trekt fram for innvandrarar og flyktningar, er at barna har auka fokuset på handhygiene.

Kontaktutvalet har prøvd å utjamna pandemitiltaka for målgruppa på fleire måtar gjennom det siste året. Det har lagt til rette informasjon om smittevern på fleire språk, omsett tekstar, og delt slik informasjon med kommunen for publisering på den kommunale nettstaden. I mars 2020 utarbeidde utvalet ei liste over lokale kontaktpersonar som kan hjelpa til med tolking på ulike språk ved behov. Utvalet nemner òg at samarbeidsorganisasjonar som Stord Røde Kors har tilpassa aktivitetane sine etter beste evne innanfor smittevernreglementet, i forsøk på oppretthalda aktivitetstilbod for flyktningar og innvandrarar.

Slik kontaktutvalet ser det, er det fleire ting som kan leggast til rette for å møta ei liknande krise på ein betre måte i framtida. Utvalet peikar på at det er viktig å prøva å tilpassa aktivitetar i størst mogleg grad framfor å avlysa, så målgruppa får kome seg ut. Sameleis er leksehjelpa eit viktig tilbod å halda i gang, då ho også fungerer som ein viktig møteplass og sosial læringsarena. Under denne pandemien har leksehjelpa falle bort ved heimeskule og raudt nivå.

Stord kommune får ros for å legga ut generell informasjon under pandemien, noko som blir sett på som viktig også i framtidige kriser. Samstundes peikar kontaktutvalet på at kommunen kan bli betre til å send ut tilrettelagt informasjon frå skulane, slik at fleire foreldre kan ta større del i informasjonsflyten om skulekvardagen.

Utviklingshemma

Eining for habilitering yt ulike tenester til over 100 utviklingshemma personar i Stord. Felles for alle som mottek habiliteringstilbod er at dei treng planlagde, samansette og samordna tenester. Det kan vere tilbod som dag- og aktivitetstilbod, avlastningstilbod for barn og unge og bufellesskap.

For dei over 18 år, fortel eininga at nedstenginga av landet i 2020 og dei påfølgande smittvernrestriksjonane ramma tenestetilbodet og brukarane deira råtta og brutalt: Allereie 16. mars vart dagtilboda Sæbø gard og «Klubben» stengt. I bufellesskapane vart det innført strenge smittevernrutinar, inkludert nokre veker med besøksforbod våren 2020.

«NFU Stord/Fitjar lokallag har slite med Stord kommune som har køyrt ei stram, og klart ulovleg linje mot bebuarar i kommunen sine omsorgsbustadar/bufellesskap. Tilstanden har vara i rundt 14 dagar. Bebuarar med utviklingshemming vert fortvila og redde, og foreldra vert fortvila og makteslause.»

Sitat frå forbundsleiar Jens Petter Gitlesen i Norsk Forbund for utviklingshemmede (NFU) i nettutgåva til Sunnhordland, 27. mars 2020.

Slik eininga ser det, har smitteverntiltaka hatt ei rekke negative konsekvensar for brukarane deira gjennom pandemien: Dei har hatt mindre sosial kontakt med andre som følgje av delvis opne og stengte aktivitetstilbod og færre turar på butikken, og det har blitt meir heimesitting som følgje av det reduserte dag- og aktivitetstilbodet – der til dømes Sæbø gard, «Klubben», handballen og bassengtreninga har vore heilt eller delvis stengt. Ferieaktivitetane, eit fellesarrangement på tvers av bufellesskapane, gjekk ut i fjor av smittevernomsyn – og er per 1. mai 2021 tenkt avlyst også inneverande år.

Ifølgje habiliteringseininga har det vore ulikt korleis brukarane har opplevd pandemien det siste året: For somme har det vore vanskeleg å berre vera heime, for andre har det vore heilt ok. Dei tilsette ser at nokre har blitt meir einsame av å ha mindre kontakt

med pårørande, mens for somme av bebuarane er de vanskelegare å sjå og vita korleis dei opplever dette.

Nokre har vore redde for smitte, andre ikkje – men eininga opplever at det blant brukarane har vore eit gjennomgåande behov for nær hjelp og omsorg. Enkelte pårørande har halde avstand til sine, i frykt for å bringa smitte inn i bufellesskapane, og enkelte har tatt barna sine med seg heim. Nokre verjer har i tillegg vegra seg for å sleppa brukarar tilbake i dagtilbod.

For dei som bur heime med foreldre vart det brått veldig få tilbod. Eininga har derfor prioritert dei som bur heime når aktivitetstilboda har opna opp att.

Pandemitiltaka har også hatt positive effektar for målgruppa. Bebuarane i bufellesskapane har til dømes blitt flinkare på hygiene, og dei tilsette har blitt betre på å skapa gøyale aktivitetar og møteplassar på tvers av bueiningane. Tilsette har og òg nytta tida ledig tid til å etablera flotte uteområde ved bustadene, og det er produsert bøker og anna koronamateriell med historier tilpassa psykisk utviklingshemma. Eininga opplever at fleire brukarar har blitt meir aktive under pandemien, med meir tid ute i skogen og på ballplassar. Mindre kohortar har vidare gitt brukarane færre personar å forholda seg til, noko som har gitt endå tettare kontakt med den enkelte. Dette er noko eininga vil ta med seg vidare.

For å letta kvardagen for brukarane av tenestene, er det sett i verk fleire kompenserande tiltak gjennom året. Tilsette er omorganiserte til der det har vore størst behov for dei, det er lagt til rette for digital kontakt med pårørande, og ein har lært opp eigne tilsette til å ta koronatestar – slik at brukarane kan få testa seg i trygge omgivnader.

Eininga opplever at kriseleiinga i kommunen har øvd påtrykk om gjenopning av tilbod til brukargruppa. Dette har tenesta vore glad for på brukarane sine vegne, men vedgår at det har vore mange drøftingar internt om dette er rett og forsvarleg – der ein har vege for og imot. Eininga opplever at dei i slike avgjerder ofte vel dei sikre løysingane som dei kjenner seg heilt trygge på, fordi dei er litt redde for konsekvensane av å opna opp for tidleg.

I avslutninga av dagens pandemi, og inn mot potensielle framtidige pandemiar, framhevar eining for habilitering viktigheita av å sikra brukarane og tenesta tilgang til dei gode og trygge vikarane. Desse er med på å gi brukarane stabilitet og tryggleik i krisesituasjonar som den me har hatt det siste året.

Trådlaust internett i bufellesskapane er eit anna viktig tiltak som blir trekt fram. I dag er det lagt internett fram til bustadene, men verken bebuarar eller personalbasane har trådlaus tilgang – noko som set avgrensingar på bruken av internett og digitale løysingar for til dømes kommunikasjon med pårørande. Frå NAV vert det påpeikt at også brorparten av dei kommunale bustadene manglar trådlaust internett.

Betre tilgang på bilar, vert også etterlyst av habiliteringstenesta. Utan fleire tilgjengelege køyretøy, klarer ein ikkje å aktivisera brukarane like godt i periodar med stengte tilbod. Betre tilgang til garderobar i bufellesskapane er eit anna punkt på forbetringslista, då manglande garderobefasilitetar har kravd mykje ekstra tidsbruk til organisering og gjennomføring av godt smittevern.

Habiliteringseininga har og òg betre tilrettelegging av aktivitetar for dei som bur heime på tiltakslista, og etterlyser til slutt betre samarbeid med lag og organisasjonar, og ein arena for dialog med desse, for å skapa aktivitet for brukargruppa.



Barn og unge

Også for barn og unge med utviklingshemming, var 12. mars 2020 starten på ein periode med store omveltingar i kvardagen. Eininga visste då lite om den nye situasjonen, og måtte gjera prioriteringar om kven som skulle få tilbod i starten. Bortsett frå desse første vekene, meiner dei at tenesta alt i alt har gitt dei tilboda til barn og unge som det har vore behov for og krav om. Ei viktig årsak til dette er at fleire pårørande valde å halda barna sine heime.

Somme foreldre har uttrykt uro for smitte, andre ikkje. Nokre foreldre har som nemnt valt å halda barna heime frå tilbod som følgje av smittefrykt, andre har derimot hatt vanskar med å forstå omfanget av krisa og tiltaka.

Eininga har samarbeidd med vidaregåande skule om kven som skulle få tilbod på dagtid. Det har òg vore eit godt samarbeid med dei andre skulane, og saman har ein funne løysingar for elevar med nedsett funksjonsevne. Alle tilboda til barn og unge har vore omfatta av strenge smitteverntiltak, særleg ved symptom.

Norsk forbund for utviklingshemmende (NFU)
NFU Stord/Fitjar er samd med habilliteringseininga om at koronapandemien har vore krevjande for dei utviklingshemma på Stord. Mange har kjent seg svært einsame i samband med pandemien, særleg i startfasen i fjor då mange blei isolerte i eigne bustader. Dette vart opplevd som svært utfordrande for mange.

Dei trekkjer fram at det absolutt verste var då dørene vart stengde for besøkjande i starten av pandemien, og NFU ber om at det aldri skjer igjen. Det vart opplevd som krenkjande og dramatisk for bebuarar og pårørande å bli fråtatt fridomen over eigne liv. NFU er klare på at det ikkje er innanfor å stenga dørene i private heimar, og er glade for kommunen heldigvis tok signala ganske raskt og oppheva besøksforbodet.

Det har også vore svært utfordrande å bli sett i karantene, og særleg for dei som har mangla forståinga for kvifor dette har vore nødvendig. Det å mista arbeid, dagtilbod og fritidstilbod har nok vore ekstra krevjande for denne gruppa, ettersom dei fleste har få, eller ingen aktivitetstilbod frå før, og elles eit svært avgrensa nettverk. Gruppa fekk heller ikkje reise på ferieturar i 2020. NFU har lagt til rette for mindre utfluktar og aktivitetar, men skulle ønska at det vert sett inn kompenserande tiltak som delvis erstattar dei faste aktivitetstilbod dei til vanleg har. Dei meiner vidare at gruppa burde vore prioritert høgare på prioriteringslista av vaksine. Dette forfatta dei i april 2021 eit brev om til Stord kommune.

To representantar frå NFU fortel at mange har vore svært fornøgde med at dei har fått skule-, barnehage- og avlastingstilbod til barn og unge gjennom heile pandemien. Fleire pårørande har også fått tilbod om vaksine.

Frivilligperspektivet – Stord United

Ein av trenarane for handballaget Stord United opplever at vaksne med ei utviklingshemming er ei gruppe som har falle mellom barken og veden under pandemien. I ein krevjande situasjon med ekstra smitteverntiltak og utfordringar med å avgrensa kontakt med andre, har det ikkje vore tydeleg korleis ein skal handtera denne gruppa med tanke på aktivitet. Det aller meste av handballtreningar og kampar har derfor blitt avlyste det siste året. Resultatet har blitt mindre aktivitet, og dermed mindre sosial kontakt for dei utviklingshemma. Trenaren er vidare redd for at den rolege kvardagen under pandemien har blitt for behageleg for somme, og uroar seg for fråfall frå handballen. Det vil vera sårbart for laget, både i trening og kamp.

Nokre alternative treningar med ekstra trenarressursar for å oppfylla avstandskrava har det blitt på handballaget, og i haust blei det òg spela petanque som alternativ aktivitet. Summa summarum synest trenaren det har vore vanskeleg å legga til rette alternative aktivitetar. Han etterlyser både meir informasjon om kva som kan gjerast for å aktivisera denne gruppa, men ikkje minst dialog og samarbeid mellom omsorgsbustadene/heimane og dei som driv aktivitetar for psykisk utviklingshemma.

«Gruppa manglar dei som kjenner på eigarskapet for å få dei i aktivitet.»

Som frivillig trenar har han sjølv kjent på eigarskapet og ansvaret for å halda spelarane sine i aktivitet det siste året, men har sakna tilsvarande engasjement frå enkelte verjer og dei aktuelle bufellesskapane i kommunen. For å gi målgruppa ein meir aktiv og sosial kvardag ut denne pandemien og ved liknande kriser i framtida, foreslår derfor trenaren at det vert etablert samarbeidsmøte eller eit eige forum mellom omsorgsbustadene/heimane og trenarar/aktivitørar.

Personar med psykiske og/eller rusvanskar

Psykisk helse og rus – oppsøkande tenester

Dei oppsøkande tenestene for personar med psykiske problem eller rusvanskar opplever at brukarane deira har blitt meir einsame i løpet av pandemien. Mange av brukarane har ikkje andre enn tilsette i eininga å støtta seg til i det daglege, og når dei tilsette ikkje har kunna treffa brukarane i heimen, det har vore mindre bu-oppfølging og dagsentera har vore stengt, har det resultert i mindre sosial kontakt.

«Det at folk sitt i bustaden sin og ikkje treff nokon, kan vera farleg. Det er viktig å oppretthalda kontakt.»

Slik eininga ser det, har alle brukarar fått mat, utstyr og oppfølging som før – men med avgrensa fysisk kontakt og køyring. For å kompensera for smitteverntiltaka har tilsette i staden hatt kontakt med brukarane per telefon, og møtt dei utanfor heimen – til dømes ved møte på NAV, DPS og liknande. Det har gjort at brukarane i større grad har måtta nytta seg av nettverket sitt og kollektiv transport, og at dei tilsette i større grad har måtta gjera ting for og ikkje med brukarane – til dømes handling.

Dei positive konsekvensane av pandemien har vore at brukarane har vore meir ute på tur og i fysisk aktivitet, at dei har nyta nettverket sitt meir, og at dei har klart meir sjølve. Pandemiåret har altså kravd meir av brukarane. Brukarane opplever gjerne dette som negativt – mens eininga ser det som positiv meistring.

Eininga vedgår at dei tilsette var redde i starten, men at dei no ser at dei kan gjera mykje for brukarane utan å utsetta seg for smitte – til dømes å gå inn i heimane. I sum synest tenesta at ho har strekt seg langt, men ser samtidig måtar å gjera kvardagen betre for brukarane i denne og eventuelle framtidige epidemiar. Dei presiserer viktigheita av ikkje å stenga ned, halda dagsentera opne, og å halda kontakten med brukarane også i krisetider. Eininga peikar mellom anna òg på viktigheita av å etablera kohortar for både brukarar og medarbeidarar, å laga rutinar som er lette å ta opp att, og å nytta ROS-analysar frå denne pandemien i det vidare beredskapsarbeidet. Eininga meiner vidare at kommunen har eit forbetringspotensiale i å tenka på kommunen som ein heilskap, der det er lett å flytta på folk i krisesituasjonar.

Hamna kontaktsenter og lågterskel helsestasjon

Ved Hamna kontaktsenter opplever tilsette at det alt i alt har gått greitt med brukarane deira. Brukarane viste først stor forståing for stenginga av tilbodet våren 2020, men då situasjonen gjekk meir inn på dei kom sakn og harme til uttrykk – mellom anna i avisoppslag i Sunnhordland. Dei tilsette brukte stengingsperioden til å kartlegga nettverka til brukarane, for å finna personar dei kunne støtta seg på medan tilbodet var lukka.
For brukarane av lågterskel helsestasjon førte stenginga av tilbodet og den påfølgande utkøyringa av LAR-medisinar i byrjinga til at mange hadde det betre, slik tilsette ved helsestasjonen opplevde det. Det var mindre rusing, mellom anna som følgje av liten tilgang på cannabis og pillar då grensene var stengde. Tilsette høyrte ikkje eit vondt ord om at dagtilbodet måtte stengast. Etter kvart fortel mange brukarar om einsemd, og då grensene opna igjen auka også tilgangen på og bruken av rusmidlar.

Hamna/lågterskel helsestasjon meiner personar med ROP-lidingar (samtidige rus- og psykiske lidingar) vart mest skadelidande då kommunen stengte Hamna og helsestasjonen. Særleg tøft var det då Hamna var stengt frå mars til juli 2020, og brukarane ikkje fekk møta vener og tilsette som før. Det førte til einsemd for mange i denne gruppa.

For dei som måtte bevisa sin rusfridom for arbeidsgjevar eller for å halda på førarkortet, var det ein ekstra krevjande periode då «ingen» (legar/kommunen) ville ta urinprøvar som følgje av smittevernrestriksjonar.
Tilsette ved Hamna/lågterksel helsestasjon ser vidare at det både har hatt sine positive og negative sider at fleire brukarar har hatt meir kontakt med pårørande det siste året.

Koronatiltaka har òg hatt andre positive følgjer. Dei

tilsette ser at nokre rusa seg mindre våren 2020, og opplevde det som bra. Vidare er kanskje vegen inn i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) blitt kortare, med mindre sakshandsaming og stort fokus på overdosedødsfall. Både brukarar og tilsette har dessutan blitt betre på digital kommunikasjon, noko som gagnar begge partar.

Både Hamna og lågterskel helsestasjon har gjort ei rekke tiltak for å letta på situasjonen for brukarane sine under pandemien. Heimkøyring av LAR-medisin er alt nemnt. Oppringing av alle brukarane var eit anna tiltak då dagtilboda var stengde. Tenestene har òg starta utdeling av nasespray mot overdose, utkøyring av matpakkar, og dei legg til rette for aktivitetar – mellom anna gjennom eit samarbeid med petanque-miljøet.

I sum meiner Hamna og lågterskel helsestasjon at dei har vore gode og gjort så godt dei kan under pandemien, og leiinga er imponert over personale si handtering av krisesituasjonen.

Spesialisthelsetenesta – Stord DPS

Ved Stord DPS meiner dei pandemitiltaka gir ein auka risiko for for uhelse, også blant vaksne. Etter fem år med jamne kurvar for tilvisingar, opplevde det distriktspsykiatriske senteret i 2020 ein auke i tilvisingane. Blant desse er det mellom anna 50-60 prosent auke i tilvisingane for ADHD, noko som vert sett i samanheng med pandemien har sendt mange på heimekontor, at mange ikkje får utløp for kjenslene sine, at det er få aktivitetar å vera med på, at ein ikkje får utagert på fest, og at fleire kjenner meir på uroen i kroppen ved å sitja meir heime. Det er fleire og fleire yngre pasientar (18-24 år) som blir tilvist for ADHD, men ved Stord DPS har rundt 90 prosent av tilvisingane blitt avvist.

I motsetning til kva ein kanskje hadde forventa, har spesialisthelsetenesta hittil ikkje registrert auke i tilvisingane for einsemd og depresjon.

Stord DPS ser det som ein negativ konsekvens av pandemitiltaka at mange av tilvisingane til DPS er svake, og spør seg om det kan skuldast digitale konsultasjonar med fastlegane, og at dette gir legen mindre kunnskap om pasienten. Dei ser og at pandemien har ført til mindre sosial kontakt for sårbare pasientar. Ein positiv effekt av koronatiltaka, er at spesialisthelsetenesta har fått auka kunnskap og erfaring med digitale verktøy. Ifølgje Stord DPS har dette bidratt til at pasientar i all hovudsak har fått oppfølginga som normalt, der det mellom anna er etablert digitale terapigrupper som har fungert overraskande greitt.

Hausten 2020 tok Stord DPS over utkøyringa av LAR-medisin for kommunane. Dette har blitt positivt motteke av brukarane, men spesialisthelsetenesta peikar samtidig på at ordninga med heimkøyring fører til mindre sosial kontakt for brukarane, mindre observasjon av brukarane, og at det kan gi eit auka misbruk av LAR-medisin.

For å rusta seg til avsluttinga av denne pandemien og liknande scenario framtida, poengterer Stord DPS viktigheita av å halda tenestene til personar som slit med psykisk uhelse og rusvanskar opne – slik at ein får møtt pasientane. Dei framhevar vidare viktigheita av tiltak for vaksne med milde til moderate symptom i kommunen, slik at denne gruppa er sikra rask psykisk helsehjelp. Slike tiltak kan òg vera til hjelp for fastlegane, som i dag følger opp desse pasientane på ulike vis.

Politiet

I politiet er dei usikre på korleis sårbare grupper har hatt det under pandemien, men antar at koronatiltaka har vore negative for desse gruppene. Uvissa botnar i at politiet har hatt langt færre treffpunkt med desse gruppene gjennom året som følge av heilt eller delvis stengte møteplassar, noko som har ført til mindre relasjonsbygging og mindre informasjon om personar i dei sårbare gruppene. Mangelen på informasjon har òg redusert politiet si moglegheit til å vera med og gi hjelp.

Som positive konsekvensar av smittevernrestriksjonane, peikar politiet på at dei knapt har hatt ordensrelaterte oppdrag i helgene, der utelivsrelatert vald og annan problematikk har vore marginal i samband med skjenkestopp. Dei opplever kort og godt at meir av den synlege kriminaliteten har forsvunne.

Mindre oversikt og kunnskap om målgruppene er som nemnt ein negativ konsekvens av pandemitiltaka. Ein annan kan vera den kraftige auken i vald i nære relasjonar i 2021, jamfør tala frå Sunnhordland Interkommunale Barneverntenesta i kapittelet om barn og unge. Politiet meiner valdsauken kan ha samanheng med pandemien, men det kan òg vera andre årsaker.

Politiet sin lokale Sara-koordinator fortel at politiet frykta at ein slik auke kunne koma allereie i 2020, mellom annan fordi eit nedstengt samfunn i mange tilfelle gir mindre impulsar og kontakt med andre – noko som igjen kan påverka talet på personar som lever med vald i familien. Det skjedde ikkje. At talet på valdssaker ikkje vart større i 2020, kan forklarast med at det tek tid å fortelja om og bryta ut av eit valdeleg forhold, men også at innbyggjarane har hatt mindre kontakt med hjelpeapparatet og privat nettverk som følgje av smitteverntiltaka. Koordinatoren trur politiet framleis vil sjå ein auke i slike valdssaker etter kvar som samfunnet opnar meir og meir opp.

Sjølv om den fysiske valden anten ikkje auka eller kom til overflata i starten av pandemien, er Sara-koordinatoren redd for at fleire enn før har levd med auka sosial kontroll.

Fokuset på vald i nære relasjonar under pandemien har auka hyppigheita og kvaliteten på kampanjar om kvar ein kan få hjelp om ein lever i eit valdeleg forhold. Pandemien har òg ført til at politiet har måtte endre arbeidsmåtane sine inn mot innbyggjarar som lever med større risiko for vald. Desse arbeidsmåtane vil verta brukte også etter pandemien.

Politiet har det siste året hatt jamt med hærverkssaker, og har reflektert over om det kan sjåast i samanheng med færre opne møteplassar både for barn og unge og sårbare grupper i pandemiåret.

Både for denne og eventuelle framtidige pandemisituasjonar, framhevar også politiet viktigheita av å halda tilbod som Hamna og lågterskel helsestasjon mest mogleg opne for målgruppene. For politiet er dette viktige møteplassar. Her får dei kunnskap om korleis brukarane har det, som igjen kan brukast til å agera. Dei trekkjer også fram viktigheita av å ha fritidsaktivitetane opne i størst mogeleg grad. Dei organiserte og uorganiserte arenaane er særskild viktige for dei mest sårbare barna, men også vaksne

Interesseorganisasjonen – Mental Helse Stord-Fitjar

Mental Helse Stord-Fitjar opplever at det er svært variabelt korleis personar med psykiske vanskar hat hatt det under pandemien. Nokon har syntest det har vore heilt greitt med mindre kontakt og lågare krav til kontakt med andre, men den store gruppa har ikkje hatt det greitt med desse restriksjonane. Mange har også kjent seg engstelege for smitte og påfølgande karantene.

For dei som er avhengig av sosial kontakt, har pandemitiltaka hatt negative konsekvensar, slik Mental Helse ser det. Særleg gjeld dette dei unge. Ved at dei held seg heime og ikkje har kontakt med så mange

andre, blir situasjonen deira vanskelegare – særleg dei som har ein litt dårleg familiesituasjon eller dårleg økonomi. Desse må me gå i gang med å hjelpa no, meiner medlemsorganisasjonen.

Mental Helse peikar på at BUP melder om auke i tilvisingar knytt til barn og unge under pandemien. Dette må kommunen ta inn over seg, og sette inn kompenserande tiltak i form av meir oppsøkande verksemd med rett kompetanse frå skulehelsetenesta. Mange unge som slit vil ikkje sjølv ta kontakt. Då er oppsøkande verksemd i skule og heim viktig. Her må det òg vera lik praksis i kommunen, meiner Mental Helse – ikkje slik som i dag der nokre skulekrinsar driv oppsøkande verksemd og andre ikkje.

Mange som slit med psykiske vanskar er meir avhengige av faste rutinar enn andre, og med stenginga av Hamna kontaktsenter knekte ein rutinane for mange og gjorde kvardagen deira vanskelegare.

Av positive konsekvensar, peikar Mental Helse på at dei som ikkje ønsker å vera sosiale under pandemien har fått eit alibi for å sleppa å forhalda seg til andre. Om det er positivt på sikt, er organisasjonen meir usikker på.

For å hjelpa målgruppa gjennom koronatiltaka, har Mental Helse etablert ein møteplass i Sagvåg, der dei som ønsker har kunna stikka inn for å prata. I tillegg har turgruppa vore ute og gått så å seia heile vegen gjennom pandemien. Organisasjonen har i tillegg snakka med mange på telefon, i tillegg til at leiaren for Mental Helse, seksjonsleiar for Stord DPS og einingsleiar for psykisk helse og rus i Stord kommune har hatt faste samarbeidsmøte under pandemien.

For å gjera kvardagen lettare for dei med psykiske vanskar i avrundinga av denne pandemien, og ved eventuelle framtidige kriser, meiner medlemsorganisasjonen kommunen må ha ei oppsøkande og fleksibel tilnærming. Ein bør òg vurdera nøye før ein endrar rutinar, spesielt for dei svake gruppene. Mental Helse ønskjer seg vidare endå tettare samarbeid med kommunen i forhold til formidling av kontaktinformasjon, og meiner til dømes at nettstaden til Stord kommune må bli meir oversiktleg slik at det vert lettare å finna kontaktinformasjon der for dei som treng nokon å snakka med.

Brukarperspektivet – lågterskel helsestasjon

For ein av brukarane av lågterskel helsestasjon var det tungt å oppleva at tilbodet stengte ned sidan våren 2020. Personen mista ein samlingsplass, og fekk ikkje lenger møta venene så regelmessig som før. Vedkomande fortel også om uro knytt til farane ved å bli koronasjuk, og at fleire i miljøet også er redde for vaksine.

Gjennom pandemien har det òg vore keisamt og leit å ikkje kunna gi familie og vener ein klem, og det har vore vanskeleg å ikkje lenger kunna selja magasin på gata på same måte som før. Det har gått ut over økonomien, samstundes som det har vore tøft å ikkje ha ein jobb å gå til.

Personen framhevar vidare endringa i betalingsmåte på bussen som ein negativ konsekvens av pandemien, og tenkjer då særleg på eldre og andre som ikkje har eller meistrar smarttelefon.

Ein positiv konsekvens av pandemien, er at brukaren har fått LAR-medisinen sin levert på døra. Det har vore eit fantastisk tilbod, som vedkomande ønskjer held fram. Personen er òg glad for dei kompenserande tiltaka frå lågterskel helsestasjon gjennom året, i form av mat til påske og jul, gåver og pengar etter konserten til Endre Olsen. Brukaren opplever at det er eldsjeler som stiller opp for ei sårbar gruppe, og tykkjer det er fantastisk.

Sjølv har personen brukt mykje ledig tid under pandemien på å skriva dikt. Eitt av dei går slik:

Motgang og Corona

Et nytt år, nye sjanser, nye gleder og hvem vet hva året vil bringe?
I disse sykdomstider, hvem vet hvem som lider?
Håper på minst mulig kluss og slutten på Corona virus.
Blir vi friske fra Corona og går tilbake til normalen?
Når motgang blir en del av oss,
må vi kjempe og vise at vi kan sloss.
Det er et steg og ta for og gjøre hverdagen bra.
Selv om livet kan være tungt,
finnes det håp og glede i et holdepunkt.
Det kan være tungt og bære,
og det er fortsatt mye og lære...

Brukarperspektivet – Hamna kontaktsenter

I undersøkinga er tre brukarar av Hamna kontaktsenter intervjua. Svara deira viser at det er skilnad på korleis denne gruppa har hatt det under pandemien.

Brukar 1 synest året med pandemitiltak har gått greitt. Personen lever stort sett som han har gjort heile livet. Han har kanskje vore litt meir heime siste året, sidan det er lite vits i å dra til Leirvik når alt er stengt, men han har fått tilbod om å gå tur i samband med stenging av Hamna. For vedkomande har mellom anna stengt bibliotek vore eit sakn.

Brukar 2 omtalar pandemiåret som ei vanskeleg tid, med redsle både for å bli smitta sjølv og å smitta andre. Det var ei krevjande tid då Hamna var stengt, noko som utløyste sinne blant brukarane mot personalet og sakn etter å møta dei andre brukarane og tilsette. For brukar 2 har det vidare vore tøft å halda avstand og ikkje kunna møta familie og vener på same måte som før – eller ikkje å kunna å øva regelmessig saman med bandet i «bingen». Vedkomande hadde våren 2021 ikkje sett familien på eit halvt år. Brukar 2 har i staden funne andre måtar å kommunisera på, og det har vore betre enn ingen kontakt. Personen fortel vidare om vanskar med å halda på dei gode rutinane, og vedgår at i periodar med mykje heimesitting – der det ikkje var behov for å vera edru nokon plass – blei det mykje drikking. Brukar 2 kjenner

seg heldig som er gift og har ein partnar å klemma og vera nær. Pandemien har nok vore vanskelegare for dei som er åleine, trur vedkomande. Personen meiner vidare at mange gjennomlevde kriser opp gjennom åra har gjort det lettare for vedkomande å takla følgjene av koronapandemien.

Brukar 3 synest det siste året har vore ein uvant måte å leva på, men at det har gått greitt. Vedkomande har vore meir åleine enn vanleg, og kjent meir på einsemd enn tidlegare. Brukaren veit at dette òg gjeld andre Hamna-brukarar. For halda kontakten med folk, har brukar 3 brukt meir tid i telefonen med nettverket sitt.

«Det er stusseleg å snakka med tilsette på telefon, men betre enn ingenting.»

Av positive konsekvensar, framhevar dei tre Hamna-brukarane at fleire har kome seg ut på tur i naturen, og at ein har hatt betre tid til å reflektera over både eigen og andre medmenneske sin situasjon i ei krisetid.

I tillegg til negative konsekvensar som einsemd, redsel for smitte og auka alkoholforbruk, nemner to av dei tre brukarane at dei er redde for at stenginga og det etter kvart avgrensa tilbodet ved Hamna kontaktsenter vil gjera at færre vil nytta seg av tilbodet framover. Mykje heimesitting og tid til å «kjenna etter» kan og gjera det lettare å «sjukeleggjera» seg sjølv, framhevar brukar 2. Same person opplever òg at informasjonstilfanget har vore stort under koronapandemien. For vedkomande har det gått greitt, men brukaren kjenner til fleire som synest informasjonsmengda har vore forvirrande og vanskeleg å navigera etter.

Sjølv om stenginga av Hamna utløyste ein del harme, utrykker alle tre brukarane takksemd for innsatsen Hamna har gjort for å halda heilt eller delvis ope – og at det har vore tilbod om aktivitetar i pandemiperioden. Brukar 3 framhevar at både støttekontakten og tilgang til sjukepleiar gjennom heile året har vore viktig for vedkomande, og opplever at kommunen har gjort det den kan.

På spørsmål om kva som kan gjerast for å betra kvardagen til personar som slit med psykisk helse eller rusproblem i eventuelle komande pandemiar, vert det framheva viktigheita av å halda tilbod som Hamna opne, og fleire aktivitetar i lokale som kan samla fleire folk blir etterspurt. Det blir òg framheva kor viktig det er at brukargruppa har nokon å snakka med – både i form av profesjonelle og private nettverk.

Tilsette

Dei tilsette i Stord kommune har gjennom pandemiåret stått på for å levera tenester til innbyggarane. Somme har dratt på jobben som vanleg, andre har hatt heimekontor. Korleis har dei opplevd den nye jobbkvardagen under strenge og vekslande smitteverntiltak?

Heimetenestene, sjukeheimane og lærarane melder at ein del av deira tilsette har vore redde eller engstelege for å pådra seg smitte gjennom jobben. Mange tilsette i kommunen har òg vore redde for å bringa smitte med seg inn blant brukarane sine.

Anten ein har gått på jobb som «vanleg», eller hatt heimekontor, opplever mange tilsette eit sakn etter fellesskapen og det faglege og sosiale påfyllet ein får i fysiske møte med kollegaer. Heimekontor, oppdeling i arbeidskohortar – gjerne fordelt på nye og ulike lokasjonar, avgrensingar i høve til kor mange som kan vera samla til lunsj, bortfall av sosiale og faglege samlingar: Alt dette har bidrege til sakn av fellesskapen ein tidlegare opplevde på jobb – noko digitale møtepunkt ikkje fullt ut kan erstatta. For tenester som jobbar med ekstra tunge saker, til dømes barneverntenesta, har det vore eit tydeleg sakn å ikkje vera like tett på kollegaene ved behov for drøfting og debriefing.

Felles for dei aller fleste, er at folk har hatt meir å gjera. Det har til dømes kravd ekstra innsats å fylla vaktlister ved fråvær som følgje av covid-19-symptom og karantenar, fysisk tilrettelegging for godt smittevern, testing og vaksinering, utarbeiding av nye undervisningsopplegg til heimeskule, omorganiseringar og informasjonsarbeid ut mot pårørande og føresette.

«Vakttelefonen byrjar å ringja klokka 07.05. Tre personar på rad og rekkje melder seg sjuke. Luftvegssymptom, må halda seg heime. Slik er det i desse tider, ved minste teikn på luftvegssymptom kan ein ikkje møte på arbeid. Eg byrjar å ringja rundt etter vikar, og får berre tak i éin person. Mange tek ikkje telefonen, mange kan ikkje ta vakt i dag. Eg har éin person som skal dekke for tre, det seier seg sjølv at det ikkje går. To fulle arbeidslister må fordelast på resten av personalet i avdelinga i dag. Kor kan eg leggje oppdraga? Det er fullt på alle arbeidslister frå før».

Utdrag frå dagboka til Camilla Dvergedal (35) ein tilfeldig måndag i desember 2020, delt i avisreportasje i Sunnhordland. Dvergedal er sjukepleiar og fagkoordinator i dei heimebaserte tenestene sitt arbeidslag for demens i avdeling sentrum.

Trass meirarbeidet, er likevel den positiv innstillinga dei tilsette har vist for å løysa utfordringane som pandemien har skapt ein fellesnemnar som går igjen blant dei spurte – ei haldning leiarane rosar. Dei tilsette har demonstrert omstillingsevne og vilje til å bretta opp ermene og delta i dugnaden – til dømes gjennom endra organisering, å jobba på nye måtar, stilla opp på ekstravakter, eller å ta på seg andre oppgåver enn det ein normalt utfører. Etableringa og drifta av koronasenteret, og heimetenestene si drift av døgnavdeling på rehabiliteringssenteret, er berre to av mange døme på dette.

Auka digital kompetanse blir samtidig gjennomgåande framheva som eit pluss med koronatiltaka. Alle tenestene har tatt i bruk nye verktøy for kommunikasjon og samhandling, både internt og ut mot brukarar, pårørande, elevar, føresette og eksterne tenester. Mindre reising, kortare og meir effektive møte, og moglegheitene for å nå ut til fleire, er nokre av fordelane som blir trekte fram. For heimebaserte tenester har auka tilfang av webinar og digitale kurs i pandemiperioden også opna for meir kursing og fagleg påfyll til fleire tilsette.

I alle tenester har det vore eit stort fokus på hygiene, og dei nye rutinar er innarbeidde heilt frå barnehage til eldreomsorga. Pandemitiltaka har vidare kravd mykje ekstra planlegging, organisering og endringar – og for å handtera situasjonen har utviklingsarbeidet blitt sett på vent i fleire av tenestene. Det er derimot jobba godt med risikoanalysar og beredskapsplanar – eit arbeid som fleire tenester framhevar at bør implementerast og vidareutviklast i samband med revideringar av dei overordna smittevern- og beredskapsplanane i kommunen.

Koronapandemien har vist verdien av gode og fleksible fasilitetar. Moderne skulebygg har til dømes vist seg å gi fleire moglegheiter for kreativ inndeling av undervisninga enn tilårskomne bygg med klassisk klasseromsinndeling, og tilgang til alternative kontorlokale har gjort det mogleg å dela tenester inn i meir smittevenlege arbeidskohortar. Mangel på tenlege lokale har samtidig ført til at eit tilbod som Springbrettet, der NAV samlar unge arbeidssøkande for gruppehjelp til å koma ut i arbeid, måtte innstilla aktiviteten ein lang periode i 2020.

Informasjon er eit område alle einingar har jobba mykje med. Det har vore ein krevjande jobb å fortløpande utarbeida og dela oppdatert informasjon – både internt og eksternt, og både digitalt og i form av brev – men tenestene melder om gode tilbakemeldingar frå mottakarane.

I ei spørjeundersøking blant dei som har/har hatt heimekontor, kjem det fram eit delt syn på korleis det har vore. Fleksibiliteten, effektiviteten, redusert reisetid og moglegheita til å arbeida meir sjølvstendig vert trekt fram som positivt, medan mangelen på sosialt og fagleg fellesskap, kontorfasilitetane i heimen og mindre arbeidsro på grunn av andre heimeverande familiemedlemer vert framheva som negativt.

Stord kommune hadde i 2020 eit sjukefråvær på 7,6 prosent, om ein ser vekk i frå det koronarelaterte fråværet. Det er det lågaste registrerte sjukefråværet sidan 2015 og berre 0,1 % under målsetjinga til kommunen. Nærværet har auka i dei fleste sektorane, og HMT-tenesta fortel at det er grunn til å tru at auka fokus på hygiene, avstand og auka grunnbemanning som følgje av korona i nokre einingar er medverkande årsaker til dette.

Det totale sjukefråværet i kommunen var 9,05 % i 2020. Kommunen starta i midten av mars 2020 med registrering av koronarelatert sjukefråvær. Frå ein starta registreringa og ut året 2020 var 16 % av sjukefråværet koronarelatert. Fråværet var i stor grad kortare sjukemeldingar og eigenmeldingar.

Barneskulen

I barneskulen, som i denne undersøkinga er representert ved Sagvåg skule, blir pandemiperioden skildra som eit interessant og krevjande år å driva skule i – men langt frå noko «hallelujaår». For dei tilsette har pandemien gitt meirarbeid og store endringar som følgje av skifta mellom heimeskule, raudt og gult nivå – der til dømes undervisningsopplegg har måtta endrast hyppig og tilpassast ein meir digital skuledag.

Fleire tilsette i barneskulane har vore urolege for smitte i dei periodane skulane har vore opne, og spesielt sterk var bekymringa under smitteoppblomstringa på Stord oppunder påske 2021.

«Våre medlemmer får ein krevjande jobb når ein må driva heimeskule, likevel er ein villige til å gjera denne jobben for å beskytta Stord-samfunnet mot smitte. Det handlar i stor grad om at skulane no er den staden der smitten brer seg, viruset er skuledrive. Både lærarar og elevar er tilnærma ubeskytta og har ikkje anna å beskytta seg med enn handsprit. Det muterte viruset er ekstra smittsamt. Avstandsreglar er ikkje mogeleg å overhalda i klasserommet og i elevane sine friminutt. I tillegg vil logistikken til og frå skulen gjera at kohortar vert blanda.»

Utdrag frå Utdanningsforbundet sitt brev til Stord kommune med ønske om å forlenga heimeskulen fram til påskeferien 2021.

Tilsette har vidare opplevd eit sakn etter den faglege og sosiale fellesskapen på jobb. Organiseringa av skulekvardagen i tråd med smitteverntilrådingane, kombinert med null avsluttingar og fellesarrangement, har gitt færre arenaer å møtast på. Dette vert opplevd som stusseleg og negativt for samhaldet dei tilsette imellom.

«Kjem du inn på lærarrommet som nummer 11 til lunsj, er det ikkje stol til deg. Då må du finna deg ein annan stad å eta nista.»

Som følgje av ekstraarbeidet knytt til organisering og tilpassing av undervisninga, vert utviklingsarbeidet i barneskulen framheva som skadelidande. Det har ikkje vore kapasitet til å tenka visjonært, og skulen har ikkje fått jobba slik ein har ønskt med implementeringa av ny læreplan.

At skulen har gjort eit kvantesprang i den digitale undervisninga, og no avviklar meir effektive møte, vert framheva som positive konsekvensar av pandemitiltaka. I arbeidet med å organisera inne- og uteområda for undervisning i mindre grupper, har skulen i tillegg «oppdaga» potensialet som ligg i det moderne skulebygget. Ved å tenka kreativt har skulen fått tatt i bruk alle inneareala til undervisning. Denne auka fleksibiliteten som moderne skulebygg har samanlikna med eldre bygg, blir derfor framheva som ein positiv eigenskap i høve denne og eventuelle komande pandemiar.

På vegen attende til ein normalsituasjon etter covid-19, og med tanke på framtidige pandemiar, peikar skulen på viktigheita av å la tiltak få verka over tid. Hyppige endringar fram og tilbake er ugunstig både for elevar og tilsette. Skulen peikar vidare på kor viktig det har vore, og vil vera, at andre samarbeidspartnarar som helsesjukepleiarane og kommunelegen har vore tilgjengelege og «påskrudde» i dialogen med skulen. Det vert òg framheva som viktig at skulen sine erfaringar frå denne pandemien blir implementert i beredskapsplanane til kommunen.

Ungdomsskulen

I ungdomsskulen, representert ved Nysæter ungdomsskule i denne undersøkinga, blir dei mange endringane mellom nivåa i trafikklysmodellen skildra som krevjande – både for tilsette og elevar. Pandemitiltaka har gjort at tilsette opplever at dei ikkje får gjort jobben sin så godt som dei skulle ønskja, at ein ikkje kan organisera elevane slik ein vil eller dra ut på ekskursjonar som før, og at det har blitt meir tradisjonell klasseromsundervisning. Også på Nysæter kjenner dei tilsette på eit sakn etter fellesskapen.

Medarbeidarane får samtidig ros for stå-på-viljen og evna til å snu seg rundt. Dei tilsette hjelper kvarandre, står saman og har forsterka delingskulturen ut frå ei haldning om at «Dette skal me klara!»

Av kompenserande tiltak har skulen tilpassa arbeidsdagen for å skjerma dei tilsette best mogleg – i tråd med helsebehova til den enkelte. Samtidig er arbeidsplassane omorganiserte.

Den viktigaste positive effekten av pandemien er stor auke i den digitale kompetansen, der dei tilsette er blitt trygge på digitale møte og har tatt i bruk nye digitale læreverktøy.

For å styrka skulen og dei tilsette dagens eller eventuelle framtidige pandemiar, etterspør ungdomsskulen tiltak og økonomiske ressursar for å styrka fellesskapen – då aktivitetar som styrkar arbeidsmiljøet vil bidra til å bygga kapasitet til å takla vanskelege periodar. Skulen etterlyser og auka hygienekapasitet, for å bruka mindre tid på vasking.

Dei tilsette har gjennom pandemiperioden opplevd den nasjonale og lokale informasjonsflyten som vel stor, slik at det tidvis har oppstått uvisse om kva reglar som gjeld til ei kvar tid. For framtida er det eit ønskje om god informasjon til rett tid, så det ikkje er tvil kva som gjeld for skulen.

Barneverntenesta

Tilsette og leiing i Sunnhordland Interkommunale Barneverntenesta (SIB) opplever at koronaepidemien har gjort drifta meir tungvint, der litt av den vanlege

flyten og samhandlinga har forsvunne som følgje av smitteverntiltaka. SIB har frå 2020 til 2021 også opplevd ein stor auke i valdsmeldingar. Slike saker er i utgangspunktet krevjande å jobba med, og dei tilsette opplever det som ekstra utfordrande etter at dei vart inndelte i kohortar.

Fleire samarbeidande tenester som følgjer opp foreldre med rusproblem eller psykiske vanskar har i løpet av pandemien endra arbeidsmetodane sine eller stengt heilt eller delvis ned tilbod i periodar. Det har ført til at barneverntenesta i større grad har måtta følgja opp familiar med slike utfordringar – og at barn kan ha lidd overlast.

SIB opplever vidare at det òg har vore krevjande å koma inn i ein del heimar i koronaperioden på grunn av sjukdom. Fleire heimar har halde igjen og ikkje villa ha besøk på grunn av covid-symptom eller annan sjukdom, noko som har gjort at SIB ikkje har kunna oppfylla lovpålagde fristar i fleire saker.

Barneverntenesta har tilpassa arbeidsmetodane i takt med smitteverntiltaka, og nemner auka bruk av digitale verktøy – mellom anna Teams – som eit pluss for meir effektive møte mindre reising og auka møtedeltaking. Samstundes har den digitale kvardagen også bydd på utfordringar. Barnevernet har opplevd at samarbeidspartnarane har prioritert Teams-møte framfor fysiske møte – slik at ein ikkje alltid har fått same møtekvaliteten som i fysiske møte. Dei opplever det også som utfordrande at ulike tenester og samarbeidspartnarar opererer med ulike retningslinjer for kva tid det skal gjennomførast digitale møte.

Fleire tilsette i tenesta har vore lengre periodar på heimekontor. SIB meiner dei etter kvart har funne gode heimekontorløysingar for desse, men at dette tok lang tid. I påvente av dei gode digitale løysingane, har det vore eit slitasjemoment for dei tilsette å ikkje få gjort jobben fullt ut heimanfrå.

Dei som har møtt fysisk opp på jobben har jobba i kohortar i to ulike bygg. Det har vore positivt med omsyn til avstand og smittevern, men negativt for den faglege og sosiale fellesskapen – på same måte som heimekontor. Særleg i tunge saker, har tilsette kjent på sakn etter kollegaer som dei pleier å lufta tankane sine med fjes til fjes.

Med tanke på eventuelle framtidige epidemiar, meiner SIB det bør etablerast separate kontor for dei tilsette – då enkeltkontor gjer det lettare å oppretthalda avstand og smittevern samanlikna med kontorplassar i landskap. Av same årsak ser tenesta det som tenleg å vera fordelt på to bygg, sjølv om ei slik løysing òg har sine utfordringar.

NAV

Blant dei kommunalt tilsette i NAV har pandemiperioden har mange opplevd pandemiperioden som tøff. Dei tilsette har ikkje sjølv vore utprega redde for smitte, men fleire har vore bekymra for å smitta andre.

Med mange på heimekontor og strenge koronatiltak på kontora, har saknet etter den sosiale fellesskapen vore stor. Ein står ikkje i same grad skulder til skulder som før.

«Ein føler ein opererer NAV åleine»

Nav har gjennom pandemien fått mange nytilsette. Som følgje av heimekontor og sosial distansering har mange ikkje fått blitt kjende med dei nye kollegaene, og opplæringa til nytilsette blir òg skildra som manglande.

Dei tilsette har opplevd det som eit sakn å ikkje kunna møta brukarane i grupper gjennom «Springbrettet», då tilbodet har vore stengt som følgje av at lokala på kaien ikkje har tilfredsstilt reglane om avstand. Å jobba med å få unge vaksne inn i arbeidslivet vert opplevd som tyngre når det må gjerast ein til ein, utan ein fast møteplass der fleire brukarar i same situasjon kjem saman.

For å letta på arbeidssituasjonen, har NAV i hovudsak lagt til rette for heimekontor og satsa på tett leiaroppfølging av den enkelte.

Auka digitalisering blir framheva som ein positiv konsekvens av pandemitiltaka. Det har gitt effektive møteavvikling, auka samhandling, mindre reiseaktivitet og større samarbeid regionalt. Samstundes påpeikar NAV at arbeid ut mot unge vaksne og ungdomar aldri kan heildigitaliserast – då kroppsspråk gir viktige inntrykk i møte med brukarane.

Habiliteringstenesta

For dei tilsette i habiliteringseininga har pandemiperioden kravd mykje tid på organisering av dei ulike tiltaka og inndeling i kohortar. Med brukarar som i utgangspunktet ikkje meistrar smitteverntiltak og avstand like godt som andre, og samtidig har stort behov for nær hjelp og omsorg, har kvardagen vore krevjande. Det har vore meir tidkrevjande å driva avdelingane, og for leiarane har smitteverntiltaka gitt meirarbeid i form av planlegging og gjennomføring av endringar og turnusar.

Det har vore vanskeleg å halde avstand i bufellesskapane, særleg tometersregelen, og mangel på garderobe- og andre fasilitetar har gjort hygiene og smittevern ekstra utfordrande. Dei tilsette får likevel ros for å ha vore flinke og omstillingsvillige gjennom pandemien.

Tenesta opplyser at mange tilsette har vore redde for at dei skal bringa med seg smitte inn til brukarane.

Eininga opplever at kriseleiinga i kommunen har øvd påtrykk om gjenopning av tilbod til brukargruppa. Dette har tenesta vore glad for på brukarane sine vegne, men vedgår at det har vore mange drøftingar internt om dette er rett og forsvarleg – der ein har vege for og imot. Eininga opplever at dei i slike avgjerder ofte vel dei sikre løysingane som dei kjenner seg heilt trygge på, fordi dei er litt redde for konsekvensane av å opna opp for tidleg.

Heimebaserte tenester

Dei heimebaserte tenestene fortel om fleire tilsette som har vore engstelege og redde for smitte i pandemiperioden. I starten av pandemien opplevde tenestene i tillegg mangel på smittevernutstyr, ein situasjon som vart løyst med ein Aker Solutions sin donasjon av slikt utstyr til kommunen.

Tenestene har hatt det svært travelt, og tilsette som har måtta ut i karantene har resultert i eit stort behov for ekstravakter gjennom pandemiperioden. Det behovet har blitt møtt med ei stor vilje i kollegiet til å stå på og ta på seg ekstra arbeid.

For å frigjera senger har sjukehusa i pandemiperioden skrive ut pasientar med behov for pleie nærast døgnet rundt. Det store behovet for sjukeheimsplassar for desse gjorde at heimebaserte tenester i juni 2020 måtte oppretta ei eiga døgnavdeling i Stord kommunale rehabiliteringssenter, der eininga drifta seks sjukeheimsplassar frå juni til november. Dette kravde mykje omorganisering og omstillingsvilje internt i eininga.

I tillegg til gode rutinar i eigne basar, har tenestene òg måtta tenka smittevern ut i heimane – og finna praktiske løysingar på dette. Det har gjennom heile pandemien vore ein diskusjon om helsepersonell skal bruka munnbind, der det har vore ei avveging av smittevernomsyn opp mot god kommunikasjon med brukarane.

For mange har innsatsen ute i heimane, med ekstra fokus på god handhygiene i form av hyppig spriting og handvask, ført til såre hender og tørr hud. Dette gjorde at tenestene måtte gå til ekstrainnkjøp av fuktigheitskrem. Hanskar har vore ei mangelvare gjennom heile pandemien.

Også heimetenestene held fram auka bruk av digitale løysingar som ein positiv effekt av koronaåret. Teams har vore eit godt alternativ for større møte, og fungert i kvardagen. I tillegg har den sosiale distanseringa resultert i større tilbod om faglege webinar og e-læringskurs, slik at fleire i heimetenestene har kunna delta på kursaktivitetar.

Av kompenserande tiltak for dei tilsette, har tenesta redusert treffpunkt i basane. I tillegg er ei avdeling flytta til ny lokasjon, noko som har gitt større plass og gjort det lettare å halda avstand.

Eininga peikar på fleire tiltak som kan gjera kvardagen betre for tilsette og brukarar i avrundinga av denne pandemien og ved eventuelle framtidige pandemiar. Eitt av dei er fleire tilgjengelege hender. Sidan heimetenestene må ta imot og gi hjelp til brukarane uansett om dei har tilgjengeleg mannskap eller ikkje, bør tenestene truleg ha større ressursar til auka grunnbemanning og mindre til vikarar.

Gode og fleksible areal og fasilitetar blir også viktig slik heimetenestene ser det, i tillegg til ein ny beredskap – lokalt og nasjonalt – som sikrar god tilgang på smittevernutstyr. Eininga etterspør også endå meir brukarvenlege skjermløysingar, slik at eldre og pleietrengande lettare kan kommunisera med familie og hjelpeapparat. Annan velferdsteknologi, som til dømes lar heimetenestene fjernmonitorera oksygenmetting hos brukarane frå tenestebasane, vil også gjera ein hektisk kvardag lettare.

Sjukeheimen

Etter ein krevjande periode under den første nedstenginga i 2020, opplever tilsette og leiarar på Stord sjukeheim at tilsette og leiing har løyst kvardagen godt. Somme av dei rundt 300 tilsette har vore meir uroa for smitte enn andre, men det blir rapportert om generelt god stemning – der det for mange har vore eit pluss å få gå fysisk på jobb og såleis halda oppe ein viss normalitet i ein elles spesiell kvardag.

Det vert rapportert om meirarbeid for dei tilsette, der pandemihandteringa har kome på toppen av vanlege gjeremål. Organisering og gjennomføring av testing og vaksinering av bebuarar er ei slik ekstraoppgåve, som har blitt sett på som nytt og givande arbeid blant dei som har vore med. Tilsette ved sjukeheimen har òg hjelpt til i andre einingar i Stord kommune og eininga sendte personale til Ulvik for å hjelpa til under smitteoppblomstringa der. I sum opplever leiarane at dei tilsette har vore positivt innstilte med stor vilje til omstilling og å ta ekstravakter. Sjukeheimen har i tillegg hatt god tilgang på ekstra arbeidskraft i form av studentar og pensjonistar.

Eininga har jobba kontinuerleg med å oppdatera rutinane for smittevern. Opplæringa i smittevern for nytilsette er forbetra, og den har òg etablerte tilsette ønskt og fått ta del i. I starten gjekk det mykje ekstra tid til innkjøp av smittevernutstyr, og det har til tider vore knapt med ressursar som hanskar, sprøyter og plastglas. Sjukeheimen stiller seg derfor positive til at innkjøp av smittevernutstyr er blitt sentralisert i kommunen, slik at einingane kan bestilla utstyret dei treng derfrå i staden for sjølv å leita rundt etter leverandørar. Dei minner samstundes om at auka forbruk og prisvekst har gjort at utgiftene til smittevernutstyr har auka kraftig det siste året.

Dei tilsette har i liten grad vore sjuke i pandemiåret, men har vore meir heime på grunn av snufsing. I tillegg har stengingane i skular og barnehagar vore krevjande for sjukeheimsstaben, der mange har måtta vera heime frå jobb for å ta seg av barn. For mange tilsette har det òg vore eit puslespel å få vakter til å gå opp med reduserte opningstider i barnehagane.

HMT-tenesta

Å arbeida for eit lågare sjukefråvær under pandemien har vore krevjande. Dei tilsette skal ha lågare terskel for å halde seg heime ved luftvegssjukdom, og det har kome fleire nye årsaker til å halde seg heime – til dømes karantene. Sjølv om det har vore eit krevjande arbeid kan det sjåast ut som om organisasjonen har gjort mykje riktig med tanke på reduksjonen i sjukefråværet. Med dagens digitale løysingar kan fleire med helseplager symptom utføra jobben heimanfrå.

Tenesta meiner også at organisasjonen har blitt betre til å tenkja risiko og gjera risikovurderingar, og ein har fått betre systematikk i korleis ein jobbar med beredskapsplanar. Sjølv om planane har vorte betre, meiner tenesta at arbeidsmiljøet ikkje er teke godt nok inn i planane og at dei må vidareutviklast.

Dersom heimekontorløysing skal vera ei framtidig løysing, må ein vera medviten på rolla kommunen skal ha for det psykososiale arbeidsmiljøet. No som heimekontor har vore eit smitteverntiltak, har ikkje kommunen eit ansvar for det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet. Dette endrar seg ved ei eventuell vidareføring av heimekontor etter pandemien.

Undersøking om heimekontor

I arbeidet med koronarapporten er det sendt ut spørjeskjema om korleis tilsette i Stord kommune har opplevd å jobba på heimekontor. Dei viktigaste funna er presentert på denne og neste side:




Samarbeid - status no
Aksetittel
30
25
20
15
10
5
0
Eg samarbeider mykje mindre enn før
Eg samarbeider noko mindre enn før
Eg samarbeider omtrent like mykje som før
Eg samarbeider noko meir enn før
Eg samarbeider mykje meir enn før
Tilsette 8 21 27 3 0
Leiarar 0 9 7 3 0


Samarbeid - på tvers i kommunen
Aksetittel
40
35
30
25
20
15
10
5
0
Eg samarbeider mykje mindre no enn før
Eg samarbeider noko mindre no enn før
Eg samarbeider omtrent like mykje no som før
Eg samarbeider noko meir no enn før
Eg samarbeider mykje meir no enn før
Leiarar 2 8 6 2 1
Tilsette 5 17 35 0 1

Kommunikasjonsmåte før og etter mars-20
Aksetittel
60
50
40
30
20
10
0
Fysiske møte
Telefon
Videomøter
Epost
Anna
Før mars-20 50 2 0 5 2
Etter mars-20 4 12 27 15 1


Spontane og ikkje-planlagte møter
Aksetittel
35
30
25
20
15
10
5
0
Eg har langt mindre spontane og ikkje-planlagte diskusjonar og møter
Eg har noko mindre spontane og ikkje-planlagte diskusjonar og møter
Eg har omtrent like mykje ikkje-planlagte diskusjonar og møter
Eg har noko oftare ikkje-planlagte diskusjonar og møter
Eg har langt oftare ikkje-planlagte diskusjonar og møter
Tilsette 29 20 9 0 1
Leiarar 6 8 3 1 1

Det går klart fram av svara i undersøkinga at tilsette som har hatt heimekontor har opplevd det ulikt. Dette gjeld både tilsette og leiarar i kommunen.

Som fleire av tenestene har trekt fram, syner grafane under at smitteverntiltaka har gjort noko med korleis ein samarbeider med andre internt og eksternt.

Ei naturleg og sentral endring i arbeidskvardagen ved heimekontor er korleis ein kommuniserer med andre. Oversikta på førre side syner denne endringa godt.

Dei eldre

Undersøkinga viser at det er svært varierande korleis pandemitiltaka har påverka dei eldre i kommunen. Mens ein del har hatt god kontakt med familie og sosialt nettverk, har andre sete meir åleine og kanskje kjent meir på einsemd og angst. Ein del har auka aktivitetsnivået sitt, andre har igjen blitt meir passive. Og mens somme har dratt nytte av og vidareutvikla sin digitale kompetanse for å få ein betre kvardag, er det dei som ikkje har hatt høve til dette – eller som ikkje har ønskt å ta i bruk ny teknologi i kommunikasjon med dei rundt seg.

Dei gjennomførte intervjua viser eit skilje i korleis dei eldre har opplevd pandemitiltaka ut frå om dei bur heime og klarer seg sjølv, om dei er avhengige av hjelp frå heimebaserte tenester, eller om dei bur på sjukeheim.

Det vert peika på at informasjonsflyten har vore krevjande. Både det å orientera seg i all informasjonen frå styresmakter, kommune og media, men ikkje minst i å sortera ut kva som gjeld spesifikt på Stord i ei massiv mediedekking med mykje informasjon frå dei områda som til ei kvar tid har høgast smittepress.

Undersøkinga blant dei eldre peikar òg på viktigheita av tilgjengelege og opne tenestetilbod – og at kommunale tenester og andre tilbod har fasilitetar som er fleksible og gode også når pandemitiltak set avgrensingar for den normale aktiviteten.

Pensjonistkvardagen under korona

Eldrerådet og Stord Pensjonistforening framhevar det er ulikt korleis eldre over 65 år i Stord har opplevd pandemien, men at dei som har hatt det bra før har hatt det godt også gjennom pandemien. Enklast har det vore for dei som lever i stabile parforhold der begge kjenner seg trygge, mens det har vore tyngre for dei som lever åleine eller i parforhold der eine parten har det vanskeleg, meiner eldrerepresentantane.

Mindre samvær med familien, innskrenking av fridomen til å gjera det ein har lyst til, og restriksjonar på kven ein kan gå i gravferd til, vert trekt fram som vanskeleg. Å måtta velja kven ein skal vera saman med, anten det er familie eller vener, har blitt opplevd som både uvant og krevjande.

Smittevernrestriksjonane har betydd meir tid heime for alle, noko eldrerådet og pensjonistforeininga meiner har gitt fleire einsame eldre rundt om i kommunen. For fleire eldre kan den kjensla ha blitt forsterka då Røde Kors måtte stoppa besøksteneste si i heimar og aldersinstitusjonar.

«Kollektivtransporten har vorten ei mara»

Eldrerådsrepresentantane opplever at heimesittinga har blitt forsterka gjennom året av at mange har hatt det behageleg og godt i heimen, der dørstokken har «vakse seg høgare» og det er har vore lettare å bli litt «limt fast i stolen». Samtidig peikar eldrerådsrepresentantane på andre konkrete årsaker til auka heimesitting. Mellom anna har innføringa av digital betaling i kollektivtransporten gjort at dei som ikkje har eller meistrar smarttelefon ikkje får kjøpt billett på bussen. Dermed vert det fleire eldre som berre går ut av heimen når det er heilt nødvendig, og dei tar då gjerne drosje. Sameleis kan andre digitale kjøpsordningar, som til dømes kinobillettar, vera ei liknande barriere for aktivitet og sosialt samvær for ein del.

Slik eldrerepresentantane ser det, har pandemiåret resultert i eit større gap i den digitale kompetansen mellom dei eldre. Dei som meistra internett og digitale flater frå før, har gjerne utforska teknologien og funne nye måtar å kommunisera på – til dømes Snapchat og Teams. Dermed har dei hatt større moglegheiter til å oppretthalda god og visuell kontakt med vener og familie. Dei som ikkje meistra teknologien like godt før koronaen, har ikkje kunna eller villa nytta seg av slike moglegheiter i like stor grad – og har kanskje kjent meir på einsemd og isolasjon.

Slik digitalteknologien har hatt sine plussar, har òg nedstenginga av Noreg hatt sine positive følgjer for ein del eldre. Eldrerådet og pensjonistforeininga registrerer

at mange som ikkje har vore særleg mykje ute på tur tidlegare har kome seg meir ut på tur i skog og mark i pandemiåret. Meir tid heime har òg gjort at fleire har teke opp att gamle hobbyar, til dømes strikking, hagearbeid og lesing, og dermed funne gode alternativ å fylla tida si med. Alle dei «gamle gubbane» som har fått tid til å bidra med dugnadsarbeid og heimelaga figurar til det lokale nettverket av turvegar og stiar, blir sett pris på av eldrerepresentantane som er intervjua.

Å halda tunga beint i munnen i høve til all koronainformasjonen som har vore tilgjengeleg, har vore ei utfordring for eldregruppa. Det vert poengtert at mykje av informasjonen har vore god, men dei eldre opplever at det har vore veldig store mengder informasjon å ta inn over seg – og at det har vore krevjande å følga med på endringane i nasjonale og lokale retningsliner og oppmodingar. I nyheitene har det vore mykje merksemd rundt situasjonen på stader med langt større smittepress enn på Stord, noko som kan ha gjort somme eldre meir nervøse for smitte enn det lokale tilhøve skulle tilseia. Ved ei ny, tilsvarande krise, ber eldrerådet og pensjonistforeininga om at kommunen fokuserer på tydeleg og god informasjon om kva som gjeld på Stord. Dei framhevar vidare viktigheita av den faste kommunale «notisen» i lokalavisa, som har vore ei viktig informasjonskjelde for dei som ikkje les nyheiter digitalt.

Pandemien har skapt bekymring for deltakinga i organiserte fritidsaktivitetar blant barn og unge. Det same er ikkje tilfelle blant den eldre garde, iallfall ikkje innan musikklivet. Sjølv om aktiviteten i til dømes fleire kor har vore redusert det siste året, har Stord Musikkråd stor tru på at seniorane vil venda tilbake til song- og musikkaktivitetane når samfunnet har normalisert seg igjen.

Eldre på sjukeheim

Det er store skilnader på menneska som bur på sjukeheimane i Stord. Somme har ikkje merka noko særleg forskjell på kvardagen som følgje av smitteverntiltaka og besøksavgrensingane, mens for andre vart overgangen større. Dette gjeld særleg dei som er vande med å ha mykje besøk.

Sjukeheimane seier den første perioden med total nedstenging i 2020 var uheldig for bebuarar og pårørande. Det siste året sett under eitt, opplever sjukeheimane likevel ikkje at einsemd har vore eit større problem i pandemiåret enn elles – og meiner fellesskapet og aktivitetane som bebuarane har saman på avdelingane har vore ei viktig årsak til dette.

Det har sjølvsagt vore vanskeleg for bebuarane å ikkje få møta pårørande i same utstrekning som før, men sjukeheimane opplever at denne situasjonen har vore vanskelegast for dei pårørande.

For dei pårørande har det naturlegvis vore ekstra krevjande med innskrenka eller null besøk ved førestående dødsfall. Denne siste tida er ein svært viktig fase i livet, der både pasient og pårørande treng vera saman. Dei tilsette er tydelege på at dei ikkje kan erstatta nærværet av familie og vener i denne fasen av livet. For å gi bebuarar og pårørande ei best mogleg avslutting, har derfor sjukeheimane valt å la dei pårørande koma på besøk når ein såg det gjekk mot slutten – sjølv om dette i praksis var ei tillemping av smittevernreglane. Sjukeheimane opplever at dette var ei viktig og rett avgjersle, og har fått gode tilbakemeldingar frå dei pårørande på dette.

Institusjonane har òg gjort ei rekke andre tiltak for å gjera pandemikvardagen lettare – både for bebuarar og pårørande:

- Etter påtrykk frå pårørande, vart det mellom anna etablert Skype-tilgang på alle avdelingane slik at bebuarar, familie og vener kunne sjå kvarande under samtalar i periodar med strenge besøksrestriksjonar. Tilbodet har blitt lite brukt, og mange bebuararar har ganske enkelt ikkje ønskt å byta ut den gode gamle telefonsamtalen med denne nye og til dels ukjende kommunikasjonsforma.

- Gjennom året har aktivitøren fått ei tydelegare og endå viktigare rolle, gjennom å laga til sosiale arrangement i fellesstover og ute i avdelingane. Her har aktivitøren vore god til å sjå moglegheiter. Stord sjukeheim har òg greidd å vidareføra samarbeidet med Skogatufto barnehage om trivselstiltak for bebuarane, sjølv om det tidvis har vore krevjande å gjennomføra aktivitetane på grunn av strenge smitteverntiltak. Ved eitt høve måtte barna til dømes framføra songen sin gjennom ei lukka dør.

- Etter at sjukeheimane delvis opna opp for besøk etter nedstenginga i 2020, er det oppretta ei ordning med besøksvertar. Desse vertane tek imot pårørande som på besøk, orienterer om smittevern- og besøksreglane, og hjelper dei besøkande med spriting. Vertane fører òg logg over kven som har vitja sjukeheimen, til hjelp ved eventuell smittesporting.

- Hausten 2020 vart det arrangert pårørandemøte på sjukeheimane, der pårørande fekk praktisk informasjon om besøk og smittevern, undervisning om livet på ein sjukeheim, sjukdomsbilde mm, og der det var høve for dei pårørande til å stilla spørsmål.

- For å vera mest mogleg aktuelle med informasjon ut til pårørande, har sjukeheimane byrja informera via sms i staden for brev.

- Etter at vaksine vart tilgjengeleg, er sjukeheimane godt i gang med vaksinering av eigne bebuarar – og brukarane stiller seg svært positive til stikket i armen.

- Som eit ledd i smittevernarbeidet, har sjukeheimane tatt i bruk robotar til desinfeksjon av heile rom. Robotane fyller romma med ei desinfiserande tåke som drep 99 prosent av alle bakteriar, virus og sporar – noko som gir auka smittevern både for bebuarar, pårørande og tilsette.

Eldre med heimebaserte tenester

Dei heimebaserte tenestene rapporterer om mange eldre som har kjent på frykt og angst for å bli smitta det siste året. «Kor er denne smitten?» har mange spurt, og det er grunn til å tru at ein del brukarar har kjent på bekymring knytt til det å få besøk i denne perioden.

I motsetning til sjukeheimane, opplever dei heimebaserte tenestene at fleire av brukarane deira har kjent på einsemd under pandemien. Med få og lite av sosiale tiltak å vera med på, har ein del brukarar mista både sosialt fellesskap og informasjon. Mellom anna vart dagaktivitetstilbodet for demente stengt i starten av pandemien, noko som var tøft både for brukarar og pårørande. Etter kvart fekk kommunen etablert eit ambulerande tilbod, som gav demensgruppa opplevingar og stimuli inntil det regulære dagaktivitetstilbodet kom i gang igjen. Det er òg grunn til å tru at ekstra hektiske dagar for dei tilsette i heimebaserte tenester kan ha bidrege til redusert sosial kontakt og auka kjensle av einsemd for brukarar med lite sosialt nettverk og få besøkande.

Det har sidan dag éin vore ein diskusjon om helsepersonell skulle bruka munnbind på besøk hos brukarane. I heimetenestene rår det ei klar oppfatning av at munnbinda har vore hemmande for kommunikasjonen med brukarane, då smil og annan mimikk forsvinn frå samtalen. Dette har vore spesielt vanskeleg for personar med demens.

Heimetenestene opplever vidare at fleire brukarar har blitt mindre fysisk aktive. Dette skuldast mellom anna at gruppetreningar vart oppheva for ein periode, og at fysioterapeutane ein periode ikkje drog heim til brukarane.

På plussida har smitteverntiltaka ført til mindre sjukdom blant brukarane. Det er mellom anna færre tilfelle av andre smittsame sjukdommar enn covid-19, til dømes influensa og omgangssjuke frå Noro-viruset.

Heimebaserte tenester har i pandemiåret sett behov for fleire sjukeheimsplassar, ikkje minst i samband med at sjukehusa har skrive ut pasientar tidleg for å frigjera senger. Med fleire heimar som trong hjelp 24 timar i døgnet, oppretta heimebaserte tenester derfor ei eiga døgnavdeling i rehabiliteringssenteret. Her drifta heimetenestene seks «sjukeheimssenger» mellom juni og november 2020 – noko som kravde mykje av dei tilsette.

Det ambulerande aktivitetstilbodet for demente og døgnavdelinga på rehabiliteringssenteret er ikkje dei einaste kompenserande tiltaka heimebaserte tenester har sett i verk for å motverka effektane av pandemitiltaka. Det er òg sendt ut informasjonsbrev til pårørande, mellom anna med spørsmål om å handla for sine eldre slektningar, i tillegg til at enkelte brukarar som ikkje har kunna møta til vaksinering har fått sprøyta si heime.

Datagrunnlaget

Datagrunnlaget har primært vore kommunale fagfolk sine erfaringar og vurderingar av pandemien. I tillegg er det henta inn sentrale erfaringar og vurderingar frå andre fagmiljø som spesialisthelsetenesta og politi, samt interessegrupper, råd, utval, brukarar og frivillige lag og foreiningar. I alt er det gjennomført 42 intervju. 6 av intervjua var fokusgruppeintervju. Ungdata-undersøkinga, SHoT undersøkinga, nasjonale rapportar og undersøkingar og mediesøk har også vore ein del av datagrunnlaget. Det er fleire tenester som kunne hatt viktige stemmer inn i rapporten som ikkje er blitt intervjua. Rammene for gjennomføringa av kartlegginga har sett grenser for storleiken på datagrunnlaget. Sjølv om datagrunnlaget kunne vore større, vurderer arbeidsgruppa at det er stort nok til å gjere ein god analyse.

Analysen vart gjennomført ved metodetriangulering. Funna vart identifisert med bakgrunn av gjentekne treff i datagrunnlaget. På bakgrunn av funn og samanfatta data presenterer arbeidsgruppa avslutningsvis forslag til kompenserande tiltak.

Forslag til tiltak

Informasjon og kommunikasjon

- Opprette ein kommunikasjons- og informasjonsmedarbeidar i kommunen
- Gjennomføra fagspesifikke drøftingar mellom fagmynde i kriseleiinga og einingane for å avklara moglegheiter og konsekvensar av iverksette tiltak for brukarar av tenestene til kvar enkelt eining
- Sørgja for tilrettelagt informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar.

Planarbeid

- Revidere og vidareutvikle kommunen sin overordna beredskapsplan. Planen bør ta inn at det skal vurderast om det trengst å:
  - gjennomføre ei kartlegging av behov for lokale og kva lokale som kan nyttast på tvers av einingane
  - gjere ei kartlegging av behov for personalressursar og opprette ein ressurspool på tvers av einingane
- Revidere og vidareutvikle beredskapsplanane i einingane

Fritid

- Rettleie frivillige lag og organisasjonar om korleis dei kan drive aktivitet
- Gje frivillige lag og organisasjonar god informasjon som stimulerer til aktivitet
- Opprette ein stillingsressurs med mål om å støtte opp/hjelpe frivillige lag og organisasjonar i gang med aktivitet
- Opprette ein ressurspool med frivillige ressursar som har og kan melde seg til ulike oppgåver
- Gjennomføre faste dialogmøte mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar

Barn og unge

- Tilby betre tiltak til valdsoffer og valdsutøvarar
- Styrkje det psykiske helsetilbodet til barn og unge i kommunen
- Setje i verk tiltak for å styrkje klasse og skulemiljøa
- Setje inn kompenserande tiltak til elevane som har mista timar med særskild norskopplæring og spesialundervisning
- Løfte fram og revidere dagens planar for overgangar mellom barnehagar, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande opplæring

Tilsette

- Gjennomføre ei evaluering i einingane på ordinære driftsoppgåver og utviklingsarbeid, for deretter å gjere ei prioritering av oppgåver
- Avklare vidare bruk av heimekontor (med og utan krise), herunder
  - vidareutvikle retningsliner for heimekontor
  - kva arbeidsgjevaransvar skal kommunen ha?
  - rigge einingane til å kunne arbeide heime
- Sette i verk sosiale tiltak for å styrkje arbeidsmiljøet
- Vidareføre digitale møte der det er føremålstenleg

Sårbare grupper

- Betre fasilitetane i bufellesskapane
- Trådlaust internett i alle bufellesskapane og kommunale bustadar
- Opprette samarbeidsarena mellom heim og dag- og fritidsaktivitetar
- Styrkje beredskapen og tilbodet for kommunal psykisk helsehjelp for vaksne
- Tilby betre tiltak til valdsoffer og valdsutøvarar

Eldre

- Få på plass betalingsløysingar for kollektivtilbod og kommunale tilbod som ikkje krev digital betaling
- Tilby og vidareutvikle kurs for digitale løysingar